


FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS 2024

Innspel til ny NOU på musikkfeltet

**F_{OLK}
ORG** Organisasjon for
folkemusikk og
folkedans



NOREGS
UNGDOMSLAG



NORSK SENTER FOR
FOLKEMUSIKK
OG FOLKEDANS

FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS FRA HELE VERDEN
RIKSSCENEN

INNSPEL TIL ARBEIDET MED NOU PÅ MUSIKKFELTET

Dette er eit innspel frå folkemusikk-Noreg til utgreiingsarbeidet om norsk musikk.

Folkemusikk er immateriell kulturarv. Gjennom ratifisering av UNESCOs konvensjon om vern av immateriell kulturarv er Noreg forpliktat til å forvalte norsk folkemusikk og folkedans og urfolks og nasjonale minoritetars sine musikaliske uttrykk på ein berekraftig måte.

Noreg har eit mangfold av varierte og spennande musikktradisjonar som står støtt, men som i ulik grad likevel er svært sårbar. Vi meiner denne kulturarven fortener å få dei beste vekstvilkåra styresmaktene ilag med organisasjonane kan gje.

Å satsa på folkekulturen er å satsa på framtida. Folkemusikken og folkedansen er ei kraft i seg sjølv – eit unikt samværssellesskap og kunstfelt i spennande utvikling. Denne musikken og dansen er samlande på tvers av sosiale miljø, og ein slik samvær- og deltagarkultur er både psykisk og fysisk helsefremjande.

Dei fire største organisasjonane på folkemusikk- og folkedansfeltet, Riksscenen for folkemusikk joik og folkedans, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag og FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans, gjev her eitt felles innspel til NOU-arbeidet. Vi har vald å rette hovudfokuset i dette felles innspelet mot den norske folkemusikken, under føresetnaden av at NOU-utvalet har dialog med aktørar innan samisk musikk og ulike nasjonale minoritetar, men finn det likevel na-

turleg å nemne joiken i nokre samanhengar. Vi ynskjer å framsnakke alt det vi meiner er bra og fungerer godt på folkemusikkfeltet i dag. Og vi ynskjer å sette ljós på ein del av dei utfordringane feltet har.

Vi meiner styresmaktene har eit stort ansvar i å leggje ein politikk som både ivaretak dei ulike folkemusikkuttrykka sine tradisjonelle fundament, samt gje rom for utvikling og oppbygging. Vi har sett opp forslag til tiltak undervegs i dokumentet, tiltak vi meiner vil kunne lyfte og fremje folkemusikken meir enn det blir gjort i dag. Og vi vonar utvalet set fokus på folkemusikk i NOUen, og alle vi fire organisasjonane er positive til å utdjupe, oppklare, underbyggje og samtale med utvalet dersom det er ønskeleg.

Ane Carmen Roggen

*Direktør - Riksscenen for folkemusikk,
folkedans og joik*

Magni Flyum

Generalsekretær - Noregs Ungdomslag

Tanja Holmen

*Direktør - Norsk senter for
folkemusikk og folkedans*

Aslak Brimi

Dagleg leiar - FolkOrg

1. Folkemusikk - filigran av spel, song og dans

Folkemusikk er kulturarv. Og slik som filigran er tynne sylvtrådar som blir forma til ei vakker sølje, er folkemusikk tettvovne trådar av song, spel og dans som ilag skapar ein fengjande, inkluderande og tradisjonsrik heilskap. Noreg har ein variert og spennande musikktradisjon som står støtt, men som i ulik grad likevel er svært sårbar. Vi meiner denne kulturarven fortener å få dei beste vekstvilkåra styresmaktene ilag med organisasjonane kan gje.

Gjennom ratifisering av UNESCOs konvensjon om vern av immateriell kulturarv er Noreg forplikta til å forvalte norsk folkemusikk og folkedans på ein berekraftig måte. Kulturens kraft (Meld.St.8, 2018-2019) understrekjer dette som eitt av dei overordna nasjonale kulturpolitiske måla. Immateriell kulturarv handlar om praksis; det å utøve levande kulturarv. I norsk folkemusikk og folkedans, urfolks og nasjonale minoritetar sine tradisjonar er dette knytt tett saman med og avhengig av miljø som er delaktige i, bygger opp under, og lever i sjølve praksisen. Desse kulturarvsuttrykka kan difor ikkje defineraast som sjangrar, men som kulturelle miljø. Folkemusikken må difor også sjåast og forståast i relasjon til kulturminnevern og ny lov som er på trappene (NOU-utval leverer forslag februar 2025).

Immateriell og materiell kulturarv er knytt saman. I vårt kulturarvsuttrykk er det sjølvsagte relasjonar mellom instrumentmaking og utøving på instrumenta. Nettverket som dannar eit kulturmiljø er sjølvsagte delar av utøvinga gjennom samvar, festar, festivalar og skikkar. I tillegg er kulturarvs-uttrykket materielt knytt til fysiske møtestader som (ungdoms)hus, tun, naturmiljø og byrom. Uttrykket er også knytt til draktskikkar og ved/i turisme.

Å satsa på folkekulturen er å satsa på framtida. Folkemusikken og folkedansen er ei kraft i seg sjølv – eit unikt samværsfellesskap og kunstfelt i spennande utvikling. Denne musikken og dansen er samlande på tvers av sosiale miljø, og ein slik samvær- og deltakarkultur er både psykisk og fysisk helsefremjande.

Noko av det mest spennande og karakteristiske med vårt felt og våre møteplassar er at dei er på tvers av generasjonar og på tvers av nivå. Her vil bestemor ta med barnebarnet på dan-

sen, og i buskspelen vil det vere heilt naturleg for dei beste å spela ilag med dei som berre så vidt spelar på kjøkenet heime. Hos oss lever grasrota og dei profesjonelle aktørane hand i hand, i eit godt samspel.

Vi kan ikkje få understreka nok kor viktig denne ytringskulturen er – der arv og kunst flyt saman i konkret praksis: Ein samværskultur og deltakarkultur med møte mellom profesjonelle og amatørar i alle aldrar. Folkemusikk og folkedans som immateriell kulturarv er sjølve praksisen og utøvinga, og det er helt avhengig av heile “økosystemet” for å leva.

Folkemusikken og folkedansen har mange tradisjonsutøvarar, er eit stort frivillig felt, samstundes som det i aukande grad er blitt ei kulturnærings. Det gir kunstopplevingar, det er mangfaldig og bidreg til inkludering. Folkemusikk handlar om mangfold og respekt – mangfold både i form av kulturuttrykk og deltaking, og respekt for andre tradisjonar og kulturar. God kunnskap om eigen kulturarv, som folkemusikk og folkedans, gjer folk meir opne og nysgjerrige i møte også med andre sine tradisjonar og kulturuttrykk.

Folkemusikk- og folkedanstradisjonane i Noreg er ikkje gode fordi dei er gamle, dei er gamle fordi dei er gode. Tradisjonsprosessen er ei utkrySTALLISERING av kvalitet. Tradisjonelle uttrykk representerer mangfold og fornying. Dei er levande og i stadig utvikling. Sjølv slåtten, songen eller dansen som høyrest eller ser tradisjonell ut, er annleis i dag enn han var for 100 år sidan. Det er ei kontinuerleg nyskaping på feltet som tek tradisjonsmusikken og -dansen i nye retningar, smått om senn. Alt dette ligg i folkemusikkens natur – så lenge det finst miljø i heile landet med tradisjonsberarar som fører kunnskapen vidare.

Men desse miljøa overlever ikkje av seg sjølv. I dagens samfunn er det ei kontinuerleg tevling med massekulturelle uttrykk. Det trengst gode fagpersonar, eldsjeler, rammevilkår og gode strukturar for at folkemusikken skal ha best mogleg grunnlag til både foredling og utvikling. Folkemusikken er eit økosystem der alle elementa avheng av kvarandre.

Det kviler eit stort ansvar på staten når det gjeld å ta vare på dei nasjonale kulturuttrykka.

Folkemusikk - ei samanvoven treeining

I folkemusikkmiljøet er spel, song og dans ei uløyseleg treeining i forståinga av folkemusikk-omgrepet. Mykje av musikken er bruksmusikk, med dansen som både ”brukar” og musikalsk formgjevar. Dette som bakgrunn for å minne om at vi også er heldige som framleis har ein stor variasjon av levande folkedansdialektar i Noreg. Det skal vi likevel ikkje ta for gitt. Det blir stadig færre arenaer der ein lærer å danse folkedans i lokal tradisjon. Talet på dansefestar har gått kraftig ned, og danseopplæringa er i mindre grad institusjonalisert samanlikna med opplæringa innanfor instrumental og vokal musikk. Det er eit viktig ansvar for Noreg ta tak i, slik at ein viktig del av vår immaterielle kulturarv ikkje dør ut.

Det er eit stort mangfold av uttrykk i folkemusikken i dag. Den solistiske tradisjonen ligg i botnen, men det finst òg ein levande og rik tradisjon med spelemannslag og grupper som både spelar tradisjonelt stoff og nykomponerte slåttar, og mange tek inn element frå andre sjangrar. Utgangspunktet og grunnfjellet er likevel tradisjonsmusikken. Dette gjer at vi får musikk som skil seg frå andre sjangrar – vi får noko unikt. Det oppdaga både Edvard Grieg og Ole Bull då dei tok folkemusikken inn i dei klassiske komposisjonane og arrangementa sine, noko som førde til internasjonal merksemeld. Tilsvarande har den samiske musikktradisjonen fått mykje merksemeld internasjonalt i seinare år. Tradisjonsmusikken og -dansen er sentral i mange land, både i Europa og resten av verda, og er ofte ein identitetsmarkør. Slik burde det vere i Noreg også i større grad enn det er i dag.

Vi ser ei spennande kunstnarleg utvikling i scenisk folkedans no, og ein viktig milepål i miljøet er oppstarten av eit folkedansstudium ved Universitetet i Sørøst-Noreg på Rauland. I fyrsteomgang blir det eit deltidsstudium, men miljøet vonar at det blir eit heiltidsstudium etter kvart. Føresetnaden for ei god og berekraftig profesjonalisering er at det finst noko å profesjonalisere. Det er derfor det er så viktig at tradering av og opplæring i den folkelege og tradisjonelle samværsdansen får ei nødvendig stor satsing.

Det finst i dag ei rekke kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar som er aktive innan feltet. Gjennom dei siste 125 åra har arbeidet med folkemusikk og folkedans i all hovudsak

vore knytt til to frivillige organisasjonar: Noregs Ungdomslag (1896) og FolkOrg (1923). Frå 1972 samordna feltet seg gjennom Rådet for folkemusikk og folkedans, noverande Norsk senter for folkemusikk og folkedans. På 1980-90-talet fekk folkemusikken sin plass i universitets- og høgskulesektoren: Noregs Musikk-høgskule, Ole Bull Akademiet og Institutt for folkemusikk og folkekunst ved USN. I 2010 opna Riksscenen – Nasjonal scene for folkemusikk, folkedans og joik. I tillegg til dei som ikkje har nasjonalt nedslagsfelt finnes det områdelag, lokallag, festivalar og arrangørar som arbeider med folkemusikk og folkedans, og det er nokre få regionale senter. Meir om dette i kap. 2.

Ansvaret for å satsa på den norske folkemusikken og folkedansen

Noreg har ein unik solistisk folkemusikk-tradisjon. Det er eit mangfold av levande spel-, song- og dansedialektar som er spesielt sårbar for samfunnsendringar og som for kvart overleveringsledd står i fare for å missa viktige delar av eigenarten sin. Verdien av tradisjonsmaterialet frå Setesdal vart ein gong for alle anerkjent av UNESCO i 2019¹. Og vi har eit breitt spekter, frå joiketradisjonar i nord til feletradisjonar i sør, med like stor vidareføringsverdi.

Den norske folkemusikken er ein liten del av det store og varierte musikkbildet i verda. Ulike land i ulike verdsdelar har sin stil og sine uttrykk. Vi meiner at kunnskap om eigen kulturarv gjer at ein er open for andre tradisjonar. Å satsa på folkemusikken og folkedansen er å satsa på mangfold, toleranse og inkludering.

Og det er ingen andre enn oss sjølv – organisasjonane på feltet i lag med styresmaktene – som kjem til å ta ansvaret for den norske tradisjonsmusikken. Det ER vårt ansvar. Styresmaktene må vera ein aktiv og sterk støttespelar i dette store arbeidet.

Vi vonar at NOU-en vil lesa tidsbildet godt, sjå langt fram, langt ut og vidt inn for å møte aktuelle utfordringar og vise gode utvegar. I våre dagar er kulturbruk og kulturkonsum – både dei her heime og i resten av verda – meir fragmentert, individualisert og globalisert enn nokosinne. Fleire tendensar ligg side om side: Den kommersielle populærkulturen viskar ut kulturell variasjon og fortengjer eigenarta uttrykk frå dei

¹ Decision of the Intergovernmental Committee: 14.COM 10.B.28 - intangible heritage - Culture Sector - UNESCO

breie flatene. Verda blir endra raskt, og lokal kulturarv står under eit stort press. Noregs ratifisering av UNESCO-konvensjonen for immateriell kulturarv vil seia at vi er forplikta til å handla før uerstattelege verdiar går tapt.

Samtidig opplever vi monokultur og mainstream konkurranse frå eit hav av nisjar og subkulturar der konsumenten ofte er deltakar og medskapar. Nye generasjonar uttrykkjer nysgjerrighet for lokalt sær preg, toleranse for variasjon og eit behov for forankring og deltaking. Det er lov å skilja seg ut, og det blir jakta på eigenart. Vendinga vekk frå industrialisert massekultur vil truleg forsterkast post-korona og i klimakrisa. Akustiske, nære og sosialt forankra kulturuttrykk som folkemusikk og folkedans vil truleg bli endå meir aktuelle i tida framover. Det er såleis tale om både positive og negative tendensar og straumdrag for folkemusikken og folkedansen i samtida.

Å ivareta folkemusikken og folkedansen er å ivareta ytringskultur

NOU-en bør anerkjenna tradisjonsuttrykka som viktige ytringsrom og rom for identitetsforhandling, fordi dei er forankra i ein sosial kontekst og ber i seg spor av levd liv gjennom generasjonar. Samfunn som blir fråteke det musikalske minnet sitt blir ståande ribba att.

Ytringskultur som ansvarsområdet til kulturpolitikken – som foreslått i Kulturutredningen 2014 – vil ivareta behovet til folkemusikken og folkedansfeltet for både tradisjonsbevarande strukturar og strukturar for kunstnarleg fornying. Ytringskulturen er eit eige praksisfelt i samfunnet som går på tvers av offentleg, frivillig og privat sektor. Vi støttar fullt ut denne argumentasjonen, som uttrykkjer eit klart behov for å styrkja delar av det lokale kulturlivet som svarar til omgrepet ytringskultur.

Folkemusikk og folkedans i heile landet, og i lokalmiljøa der folk bur, fører til mangfald. Dette er også argumentasjon frå Kulturutredningen 2014. Sidan nasjonsbygginga i Noreg starta, har enkelte tradisjonsområde og -uttrykk fått stor merksemd. Dette held fram inn i våre dagar og blir sjølvforsterkande sidan strukturane i feltet legg til rette for det.

Folkemusikken og folkedansen har «kvite flekker» på kartet. Her finnes verken har lokal frivilligheit eller stimuli i form av kurs eller re-

krutteringstiltak. Danseaktiviteten har minka både i frivillige lag og som sosial samværsform på fest. Det er ei stor utfordring for feltet at det er for lite aktivitet i alle delar av landet. Vi må styrkja modellar som gjer at også dei delane av folkemusikken og folkedansen som får lite merksemd, kan veksa seg sterke.

Folkemusikken er ei sterk kraft. Folkemusikken – med spelet, songen og dansen – er eit unikt samværsfellesskap og spennande kunstfelt. Dette er eit unikt fellesskap der ein møtest på tvers av ferdigheter, generasjonar og sosio-kulturell bakgrunn. Med UNESCO-konvensjonen for immateriell kulturarv som utgangspunkt meiner vi at styresmaktene har eit stort ansvar for å vera med på å legga godt til rette for både foredling og utvikling av norsk folkemusikk og folkedans. Så skal organisasjonane og institusjonane på feltet vera med og utnytte slik tilrettelegging på beste vis.

Vi vonar at den nye NOU-en gjer forvalningsansvaret tydeleg. Han bør gje ein klar struktur og ei tydeleg ansvarsfordeling på alle forvaltningsnivå frå stat og fylkeskommune til grunnplan. Statens ansvar må gjerast tydeleg på følgjande felt: friviljugheit, profesjonell utøving, arkiv, arrangement/festivalar, utdanning, forsking, opplæring og instrumentmaking.

OVERORDNA TILTAK

Vi foreslår fem overordna tiltak som vil sørga for at folkemusikken- og dansen vert vidareført i generasjonar:

- Myndigkeitene må legge til rette for ein sterk og stabil regional struktur med gode tilhøve for nettverk og regionale folkemusikkentre.
- Folkemusikk, joik og folkedans må inn i alle læreplanar frå barnehagar til høgre utdanning, DKS og kulturskule.
- Folkemusikk, joik og folkedans må inn i alle relevante planverk i kulturarvfeltet, inkludert den komande kulturmiljølova.
- Tilhøva for folkemusikk, joik og folkedans som næring og næringsveg må styrkast gjennom gode insentivordninga og styrka og målretta tilskotsordningar.
- Myndigkeitene må sikre og styrke drifta til dei nasjonale organisasjonane som på dagleg basis arbeider for folkemusikk, joik og folkedans.

2. Folkemusikkartet

NOU-en har som mandat å laga ei oversikt over musikklivet i Noreg. Folkemusikken er ein naturleg del av dette. NOU-en bør vise og sikre stabile strukturar nasjonalt, regionalt og lokalt. Vi må ha stabile institusjonar og organisasjonar med gjennomslagskraft for å fremja den levande kulturarven. Det trengs sterke nasjonale og regionale folkedans- og folkemusikkinstitusjonar, sterke arrangørnettverk, utdanninger, og folke-musikkarkiv over hele landet. Folkemusikk-Noreg er og bør vera eit konglomerat av tradisjonsutøvarar og deira støttespelarar i organisasjonar, festivalar, lokal- og områdelag, regionale senter, enkeltpersonar og eldsjeler, små og store lokalmiljø, og utdannings- og forskingsinstitusjonar.

Grasrot og organisering av feltet

Tradisjonsberarane – grasrota – er berebjelken i norsk folkemusikk og folkedans. Det er eldsjelene og tradisjonsberarane som gir attende det dei har fått av sine lærermestrar. I Noreg er dei fleste tradisjonsutøvarane organiserte i friviljuge lag. Områdelag og lokallag er ein del av sjølve grunnmuren, og representerer miljøet, tradisjonsberarane, eldsjelene, kunnskapen, dugnadsanda, den sosiale fellesskapen og sjølve utøvinga. Dei har faste spel- og/eller danseøvingar, held konserter, står bak kappleikar og opp-læring. Utan desse vil både arrangørar, utøvarar, utdanningsinstitusjonar på feltet og sjølve kulturarven slite. I somme kommunar er det folkemusikk i kulturskulane, men som oftast er det private initiativ eller lokale lag som held arven ved like og tek vare på unge utøvarar gjennom lag-søvingar og oppdrag. Kulturskulane tilbyr i liten grad undervisning i folkedans. Derfor kjenner dei lokale laga eit enda større ansvar for denne delen av kulturarven, eit ansvar det no er van-skeleg å leva opp til berre med frivillig grunnlag.

I dag er det i for stor grad enkeltpersonar – eldsjelene – som tek på seg ansvaret alleine. Eldsjelene er viktige, og vi skal dyrka dei, men det er sårbart.

Og så har vi også somme stader fylkes- og/eller områdelag på det friviljuge feltet. Områdelag er eit fellesskap for lokallaga i eit område. Dei kan sjå eit tradisjonsområde under eitt, og om det har ressursar, kan det vera med på å ko-

ordinera aktivitet mellom lokallaga i regionen. Områdelaget kan til dømes ta ansvar for regionale kappleikar, dansefestar og kurs. Det kan inngå som ein av fleire aktørar i ein god regional struktur. I område der områdelaga har midlar frå fylket til å tilsette ein person, ser vi at det fører til stor aktivitet. Sogn og Fjordane folkemusikklag i FolkOrg er eit døme på det. I fleire andre fylke er det lite eller ikkje noko tilskot å få. Vi treng fylkeskommunar som prioriterer midlar til områdelaga innanfor folkemusikk og folkedans, slik at dei får ressursar til å tilsette folk. Og da er det prat om driftsmidlar og ikkje berre prosjektmidlar.

Organisasjonar

Det er ingen andre enn Noreg som har og kan ta ansvaret for å forvalta vår folkemusikk og folkedans. Utøvinga av folkemusikken og folkedansen er ein sentral del av den immaterielle kulturarven vår, som Noreg har forplikta seg til å ta vare på. UNESCO set utøvinga av tradisjonen i høgsetet, og då er det mange aktørar som er avhengige av kvarandre. Vi treng dei lokale laga til å ta vare på tradisjonen og for å dyrka talenta innanfor folkemusikk og -dans. Vi må ha instrumentmakarar for å lage, vedlikehalde og reparere instrumenta som vert spelt på. Kompetansen på instrumentmaking er i seg sjølv ein verdifull immateriell kulturarvy, og dei norske folkemusikkinstrumenta er unike. Vi treng arkiva for å henta materiale og inspirasjon. Dei forvaltar den nasjonale hummelsa og er eit bindeledd mellom fortid og framtid. Vi treng dei profesjonelle utøvarane for å vera førebilde og gje opplevelingar, og arrangørar som gir utøvarane jobbar og publikum opplevelingar. Vi treng utdanningsinstitusjonane for å gje opplæring, og forskingsinstitusjonane for dei faglege vinklingane. Alle er avhengige av kvarandre – det er også eit økosystem.

Til forvalting av denne kulturarven trengst sterke nasjonale organisasjonar som ser heilskapen. Organisasjonar som bygger nettverk på nasjonalt nivå, og nyttar kunnskapen organisasjonane har frå medlemsgruppene, inn i det arbeidet. Gjennom å arbeida i lag med ulike organisasjonar på kulturfeltet kan vi fin-

ne gode løysingar som fungerer både for folkemusikk- og folkedansfeltet og andre felt.

FolkOrg

FolkOrg vart stifta i november 2009 som ei samanslutning av Landslaget for Spelemenn (stifta 1923) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (stifta 1987). I dag har organisasjonen i overkant av 4500 enkeltmedlemmer, 160 lokale og regionale lag og arrangørar. Blant medlemmene finst både dei som har folkemusikken og folkedansen som ein fritidsaktivitet, og dei som heilt eller delvis lever av det.

FolkOrg har som føremål å arbeida for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet, og med det fremja både kulturarv og god folkehelse.

Eit særtrekk og ein styrke ved folkemusikk og folkedansmiljøet er at mange av aktivitetane går på tvers av generasjonar. Dette er aktivitetar ein kan drive med gjennom eit heilt liv, og folk i miljøet omgåst heile tida på tvers av generasjonar og samfunnslag. FolkOrg har såleis medlemmar frå heile landet, frå barn i barnehagealder til den eldre garde, og ei av hovudoppgåvene er å legge til rette for møteplassar for desse. FolkOrg har tre hovudarrangement: Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. FolkOrg eig også bladet Folkemusikk og nettstaden folkemusikk.no.

FolkOrg tek utgangspunkt i dei lokale musikk- og dansetradisjonane. Dei lokale variantane av slåttar, songar og dansar blir ført vidare frå éin generasjon til den neste. Slik sikrar vi at dei lokale særtekka ikkje dør ut, og slik tek vi vare på den nasjonale kulturarven vår. FolkOrg representerer stor breidde på folkemusikk- og folkedansfeltet i dag. Det å arbeide kulturpolitisk for heile folkemusikk- og folkedansfeltet spesielt og kulturfeltet generelt er særskilt viktig, i tillegg til dei faste arrangementa til organisasjonen, rådgjeving overfor medlemmene, halde i og drifta prosjekt for å fremja sjangeren, utgjeving av bladet Folkemusikk og informasjonsarbeid på mange nivå.

FolkOrg arbeider for mange målgrupper: Alle enkeltmedlemane, dei lokale laga, områdelaga, dei profesjonelle utøvarane, kulturskulor, instrumentmakarar og arrangørar. FolkOrg samarbeider med utdanningsinstitusjonane, folkemusikkentera og andre organisasjonar på feltet. I tillegg samarbeider vi med andre

musikk- og kulturorganisasjonar på tvers av sjangrar. FolkOrg har stort fokus på samarbeid med systerorganisasjonar i miljøet, samt å vere delaktige i ulike organisasjonar og nettverk med andre delar av kulturfeltet. Gjennom nettverket Samstemt! var FolkOrg med på blant anna å auka tilskota til utøvarar, arrangørar og festivalar i Norsk kulturråd. FolkOrg er med i Arrangørforum, Kulturliansen, Norsk musikkråd, Frivillighet Norge, Musikkindustriens Næringsråd, Samrådet for folkedansen og Balansekunst. Ved å ta med seg folkemusikkens og folkedansens perspektiv inn i desse samarbeidsforuma er FolkOrg med på å finne løysingar som fungerer for heile kulturfeltet.

FolkOrg er medlem i Nordisk folkemusikk-komite (Nordic Folk Council), Nordic Folk Network og European Folk Network, der ein samarbeider med tilsvarende organisasjonar og aktørar i andre land. Alle desse samarbeida er viktige både for å dele kunnskap, gi tilskot til større forståing i verda og inspirasjon. FolkOrg er ein av stiftarane av Riksscenen.

FolkOrg er ein demokratisk oppbygd organisasjon, der aktivitetane og politikken blir styrt av brukarmiljøet sjølv, gjennom vanleg lagsdemokrati. På grunnlag av dette er FolkOrg ein representativ kulturpolitiske aktør, som samordnar krafta og viljen i det breie folkemusikkmiljøet. Organisasjonen har eit godt apparat over heile landet til å setta statens satsingar på feltet ut i livet.

Noregs Ungdomslag

Noregs Ungdomslag (NU) er ein kulturorganisasjon med føremål om å skape engasjement og levande lokalmiljø gjennom folkelege kulturaktivitetar. Organisasjonen vart stifta i 1896, og har i dag om litt over 13 600 medlemmar, vel 310 lokallag og kring 250 ungdomshus rundt om i heile landet.

NU har eit ansvar for å ta vare på og stadig aktualisera den tradisjonelle folkekulturen. Dette gjer NU for å styrke lokalsamfunna over heile landet. Medlemmene får hove til å utøva både tradisjonelle og nye kulturuttrykk, samtidig som dei lærer å organisere aktivitetane. Med det styrker vi òg samfunnet og demokratiet.

Laga i NU er aktive innan eit mangfold av kulturaktivitetar, mellom anna folkedans, folkemusikk, teater, handverk og husarbeid. Av desse er det folkedansen som har fått aller størst plass hjå

om lag 85 av laga. NU er ein av få organisasjonar som aktivt tek vare på alle folkedansformene og som har opplæring av nye instruktørar på området. Organisasjonen arrangerer kurs, sommarleir for unge, produserer opplæringsfilmar på dans, arrangerer møteplassar på tvers av generasjonar, jobbar politisk for folkedansen og samarbeider godt med mange av dei andre aktørane på feltet.

NU har vedteke politikk på folkedans- og musikkfeltet i organisasjonen. Den Fagpolitiske plattforma seier noko om kva NU meiner om den norske folkedansen og -musikken. I Folkedansstrategien, fastsett i 2021, er det definert fleire mål som skisserer korleis NU skal arbeide for å styrke den norske folkelege dansen gjennom aktivitet, synleggjering, møtestader, rekruttering og opplæring.

Folkemusikken i NU er viktig for å kunne驱ra med folkedans, og nokre av måla i Folkedansstrategien seier at NU skal arbeida for gode vilkår for dansemusikken, setje fokus på det tette samspelet mellom musikk og dans samt formidla viktigeita av dette. NU er også oppteken av å arbeida for songen som ein viktig del av folkedansen og -musikken, særleg knytt til danseformene songdans, stordans og songleik.

I 2022 vart NU akkreditert som ekspertorganisasjon av UNESCO og er ein av åtte akkrediterte organisasjonar i Noreg. Ekspertorganisasjonane har ei rådgjevande rolle inn mot UNESCO og deira arbeid med å ta vare på den levande kulturarven.

NU har i lang tid drive eit omfattande nordisk samarbeid, og er per no einaste norske avta-lepart i den nordiske samarbeidsorganisasjonen Nordlek, ein organisasjon som arrangerer store nordiske folkemusikk- og folkedansstemne rundt om i Norden. I 2024 var det NU sitt ansvar å arrangere NORDLEK-festivalen i Arendal frå 16.-21. juli med fleire tusen besökande.

Samarbeid med nærskyldne organisasjonar og nettverk er avgjerande for å finne gode løysingar og prosjekt som er med på å støtte og synleggjere folkemusikken- og dansen. NU er med i fleire ulike samarbeid og gjennom desse kan vi få fram NU sine syn og prioriteringar når det kjem til folkemusikk- og dans. NU sentralt si rolle med å vere stemmen til dei lokale eldsjelene og utøvarane av folketradisjonen i større fora er viktig og det er difor vi er med i m.a. Kulturralliansen, Frivillighet Norge, Nordlek og Samrådet for folkedansen. NU har også gode

samarbeid om prosjekt og arrangement med andre organisasjonar og aktørar innan feltet.

NU er ein av stiftarane av Riksscenen.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Frå 1972 vart det oppretta eit råd for folkemusikk og folkedans, fyrt gjennom eit rådgjevande organ for Kulturrådet, deretter frå slutten av 1980-talet med eit representantskap i eiga stifting, noverande Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff). I Representantskapet sit i underkant av 75 store og små organisasjonar og institusjonar som utgjer store delar av det organiserete folkemusikk- og folkedansmiljøet i Noreg.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans er eit leiande fag- og formidlingssenter for folkemusikk og folkedans, og arbeider for å fremja, verna, og vidareføra norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særegne kvalitetar. Sff sitt arkiv utgjer ei av dei største samlingane av folkemusikk og tradisjonsdans i Europa. Arkivmaterialet blir brukt av pedagogar, utøvarar, studentar, forskrarar, privatperso-nar og frivillige organisasjonar. Sff formidlar folkemusikk- og folkedansarkivet både gjennom direkte utlån og ulike formidlingsaktivite-ter som arkivdykk, undervisning og utstilling.

Stiftinga er eit samordnande organ og eit nasjona-lt fag og formidlingssenter med følgande mål:

- Samordna innsats: Fungera som reiskap for alle greiner i arbeidet for og med norsk folkemusikk og folkedans slik at kreftene kan samordnast, innsatsen få større tyngd, tilboda kan gjerast meir va-rierte og ressursane kan utnyttast betre.
- Sakkunnskap i offentleg forvalting: Vera ein reiskap for offentleg forvalting i saker som gjeld norsk folkemusikk og folkedans for å sikra representativitet og sakkunne.
- Vitskapleg arbeid: Dokumentera og gran-ska norsk folkemusikk og folkedans og formidla kunnskapen frå arbeidet.
- Kvalitet og breidde i folkemusikk og folkedans: Arbeida for auka kunnskap om og forståing for norsk folkemusikk og folkedans, for be-tra utøving og for auka deltaking og interesse.

Sff driv eigen FOU-aktivitet knytt til arkivmaterialet og andre aktuelle problemstillingar innan feltet.

Gjennom prosjekta Dansespor og Museene dansar, formidlast kunnskap til ungdom og vaksne som er på tur inn i eit aktivt engasjement for folkemusikken og folkedansen. Desse prosjekta når også ut med formidlingsaktiviteter til barn og unge ved produksjon av formidlingspakker kor gode tradisjons-utøvarar blir hyra som lokale formidlarar. Begge prosjekta vegleier offentlege instansar som musea, kulturskolar, skolar, Kulturtanken og Den kulturelle skulesekken i korleis arbeide synergisk saman med folkemusikk og folkedanslag-foreiningar og profesjonelle utøvarar om å skape fleire lokale møteplassar der barn og unge får møte folkemusikken og folkedansen fysisk og formidla kva verdi deltaking har for folkehelsa.

Sff gir tilskot til tradisjonsmiljøet for å stimulera til auka aktivitet. Senteret styrker utdanningsinstitusjonar med fagleg kunnskap, kompetanse og forskingsmateriale i frå arkiva. Interesserte aktørar som utøvarar og lokale lag vert gitt rettleiing, metodikk, tilgang til arkiv- og forskingsmateriale for å styrkja og heva kvaliteten.

Samordningsarbeidet knytt til fagfeltet er ein av Sff sin viktigaste oppgåver. Arbeidet med å leggja til rette og leia eit årleg fagseminar for folkemusikkarkiva i landet er ein viktig del av samfunnsoppdraget.

Sff er akkreditert som rådgivande organisasjon for UNESCOs 2003-konvensjon for vern av den immaterielle kulturarven, med folkedansen og folkemusikken spesielt. Dette gjer at ein også kan gi råd til staten i arbeidet med folkedans og folkemusikk på eit overordna nivå. I dette arbeidet skal Sff også ha ei samordnande rolle for heile folkedans- og folkemusikkmiljøet, både for tradisjonsmiljøa, arkiv, utdanningsinstitusjonar og profesjonelle aktørar og arrangørar.

Riksscenen – Scene for folkemusikk, folkedans og joik

I 2010 opna Riksscenen i Oslo etter at eit samla felt hadde arbeidd for det i fleire år. Noreg og Oslo er i ei særstilling ved at dei har ein kulturinstitusjon som Riksscenen, som er dedikert til folkemusikk og folkedans. Det seier noko om rikdommen innanfor sjangeren vår at ein kan ha ein heilårsarrangør med

fleire konserter kvar veke med norsk, internasjonal og samisk folkemusikk og folkedans.

Riksscenen har blitt ein viktig møteplass for folkemusikk- og folkedansinteresserte og aktørar i feltet, og ein viktig arbeidsgivar for profesjonelle utøvarar innanfor folkemusikk og folkedans. Riksscenen har gjennom 14 år bidratt til å revitalisere og byggje nytt publikum for sjangeren gjennom innovativt programarbeid, aktuelle prosjekt, og ein lang rekke samarbeid. Riksscena held tett kontakt med utøvarane i feltet og har høg status som konsertarena. Dei legg ressursar i ei mengd nyproduksjonar årleg, og jobbar med kompetanseutvikling gjennom ei rekke talentsatsingar og samlingar. Det er viktig at Riksscenen har ressursar nok til å stå for nye produksjonar innanfor folkedans og folkemusikk.

Riksscenen for folkemusikk, folkedans og joik er vår viktigaste aktør på arrangørfeltet, og ein av dei viktigaste bransjeaktørane når det kjem til folkemusikk som næring, så det står meir om Riksscenen også i kapittel 5 – Folkemusikk som næring.

Andre organisasjonar og faglege nettverk

I Noreg er det eit stort og rikt tradisjonsmangfald, som vi kan og bør vera stolte av. Vi har eit stort mangfald både innan den norske folkemusikken, men også mange andre tradisjonsuttrykk.

Det store mangfaldet av tradisjonar og uttrykk i den norske folkemusikken gir også behov for ulike faglege miljø. Norsk kvedarforum er eit slikt. Dette er ein møteplass og fagleg forum for songarar og kvedarar og skipar samlingar til inspirasjon i arbeidet for å vidareføre, formidle, verne og forske i norske og andre song- og kvedartradisjonar. Dei gir ut magasinet Kvedarposten. Andre døme på faglag er Norsk lur- og bukkehornlag, Norsk munnharpeforum og Norsk langeleikforum.

Norsk folkemusikklag

Fra 1927 har både store og små nasjonale og regionale arkiv blitt etablerte, og innsamlarane og forskarane samla seg i ein felles organisasjon, Norsk folkemusikklag i 1948. Norsk Folkemusikklag (NFL) er ein møteplass og eit fagleg forum for dei som har det daglege arbeidet sitt knytt til folkemusikk og folkedans. I tillegg

til forskarar og andre fagleg tilsette rekrutterer NFL medlemmer blant studentar, utøvarar og eit generelt kulturhistorisk- og folkemusikkinteressert publikum. NFL gir ut det vitskaplege tidsskriftet Musikk og tradisjon. NFL er den nasjonale lekken for den verdsomspennande forskarorganisasjonen ICTMD – International Council for Traditions of Music and Dance.

Nettverk for norske folkemusikkarkiv

Nettverk for norske folkemusikkarkiv blei oppretta i 2008 og er eit forum for samarbeid, kunnskapsutvikling og kulturpolitisk arbeid for folkemusikkarkiva i landet. Dei norske folke-musikkarkiva er sjølvstendige einingar i eit flora av forskjellige «eigarar», der nokre er nasjonale, men mangfaldet er regionale arkiv. Dei regionale arkiva er viktige nav og senter i sine regionale og lokale miljø som ønskjer fagmiljø og samordning. Den viktigaste saka for nettverket no er å få på plass eit fagsystem – eit oppdatert system for registrering og formidling av arkivmaterialet. Nettverk for norske folkemusikkarkiv er ope for alle som arbeider med dokumentasjon av folkelege musikk- og dansetradisjonar. Det er Norsk senter for folkemusikk og folkedans som koordinerer og årleg arrangerer fagseminar for folkemusikkarkiva i landet. Her blir spørsmål av felles interesse tekne opp, og tilbakevendande tema har ofte vore registreringsprogrammet FIOLOL, ulike tekniske spørsmål og digitalisering. Nettverket inkluderer representantar fra Nasjonalbiblioteket, Arkivverket, arkivforbundet og NRK. Desse, samt andre fagfolk, har vore jamleg engasjerte til å halde innlegg.

Medlemmar i nettverket:

- Arkivverket
- Arkivforbundet
- Agder folkemusikkarkiv
- Arne Bjørndals samling (Universitetet i Bergen)
- Dokumentasjonssenteret for musikk i Akershus
- Folkemusikkarkivet for Nord-Gudbrandsdalen
- Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal
- Folkemusikkarkivet for Sør-Gudbrandsdalen
- Folkemusikkarkivet for Rogaland
- Folkemusikkarkivet for Rørosområdet

- Folkemusikkarkivet i Telemark
- Folkemusikkarkivet i Vestfold
- Folkemusikksenteret i Buskerud
- Hedmark musikkarkiv
- Fylkesarkivet i Vestland
- Hardanger folkemuseum
- Interkommunalt arkiv Trøndelag
- NRK
- Norsk folkemusikksamling (Nasjonalbiblioteket)
- Norsk senter for folkemusikk og folkedans
- Nordnorsk folkemusikksamling
- Norsk Skogfinsk Museum
- Lokalhistorisk arkiv, Os kommune
- Ole Bull Akademiet
- Tradisjonsmusikkarkivet ved Mjøsmuseet
- Ringve Musikk museum
- Valdres folkemusikkarkiv
- Vestfoldmuseene
- Østfold musikkråds arkiv

Meir om folkemusikkarkiva, deira rolle og behov i kapittel 6.

Samspill

Det norske tradisjonsmangfoldet er rikt. Samspill er ein organisasjon som arbeider for artistar med bakgrunnar frå kulturar i andre delar av verda, som speler musikk innan alle musikkjangrar.

Medlemmane kjem frå ei rekke ulike tradisjons- og folkemusikkuttrykk, men også frå rytmiske sjangrar, jazz, samtidsmusikk og ulike kunstmusikkuttrykk. Vegen er ofte lang og kronglete for utøvarar som kjem til Noreg. Samspill har gjennom 25 år fungerte som ein døropnar for artistar og utøvarar. I tillegg jobbar Samspill med å opna auga og øyra til arrangørar, agentar, leiarar, organisasjonar som alle er på utkikk etter mangfald og breidd i programma sine.

Gjennom ulike prosjekt og samarbeid fungerer Samspill som ein døropnar mellom internasjonale musikkarar, arrangørar, institusjonar og publikum. Dei jobbar strategisk for å senka tersklar, og for at det blir lettare som ny i Noreg å finne vegen inn i kulturbransjen. Det er framleis eit gap mellom kven som søker dei ulike tilskotsordningane og kven som får tilskot, kven som er representert både på, bak og framme scena, kven som deltek i kulturlivet. Samspill er ein av stiftarane av Riksscenen.

Samiske lag og organisasjoner

Innan samisk musikk og kultur er det fleire faglag og organisasjoner som òg vil leve eigne innspel til NOU-utvalet. Samisk kunstnerråd/Sámi Dáiddárrádi organiserer seks samiske kunstnarorganisasjonar. I vår samanheng er det naturleg å nemne Juoigiid Searvi, ein fagorganisasjon for tradisjonelle joikarar, som arbeider for å fremje og bevare tradisjonell joik og joiktekstar. Juoigiid Searvi er ein av stiftarane av Riksscenen.

Utdanningsinstitusjonane

Per i dag er det fire hovudinstitusjonar med utdanningsløp på høgare nivå innan folkemusikk og folkedans.

Utdanningsinstitusjonane

Per i dag er det fire hovudinstitusjonar med utdanningsløp på høgare nivå innan folkemusikk og folkedans.

- Norges musikkhøgskole. Her er både bachelor- og masterløp innan utøvande folkemusikk.
- Ole Bull Akademiet. Tradisjonsmusikk er ei studieretning innanfor Bachelorprogram i utøvande musikk eller komposisjon ved Griegakademiet - Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, og har Ole Bull Akademiet på Voss som studiestad.
- USN Rauland. Her er års- og halvårsstudium i folkemusikk, samt bachelor og master. Frå hausten 2024 er det i gang eit nytt utdanningsløp innan utøvande folkedans, eit resultat av målmedvite arbeid i miljøet gjennom mange år.
- NTNU. Institutt for musikk har sidan 2012 vore ein av fire universitet som har drive Erasmus+ joint-master programmet: Choremundus – International Master in Dance Knowledge, Practice, and Heritage. Dette er eitt av topp-programma for etnokoreologien i verda.

I tillegg til dette har Vinstra VGS i Gudbrandsdalens landsline i folkemusikk, og fleire folkehøgskular rundt om i landet har folkemusikk- og/eller folkedansliner som ein del av sine tilbod.

Meir om utdanning og formidling i kapittel 3.

Arrangørfeltet

Det er eit stort landskap av både festivalar og heilårsarrangørar i folkemusikk-Noreg. Under kjem ei oversikt som på ingen måte er fullstendig, men som er eit forsøk på å kartlegge noko av det som er mellom fjell, fjordar og dalar. Meir utfyllande om arrangørfeltet og folkemusikk som bransje, kjem i kapittel 5.

Heilårsarrangørar i Noreg med fokus på norsk folkemusikk:

- Columbi Egg - Bergen
- Det historiske tunet på Lyngheim
- Felemakarscena i Kvam
- FOLK på Backes - Farsund
- Folk på fredag – Ryfylkemuseet
- Folkemusikkpøbbeni Oslo
- Folkemusikkpøbbeni Tromsø
- Folkemusikkscena på Rauland
- Folkemusikkscena på Røros
- Folkemusiksenteret i Buskerud
- Folkemølle – Tromsø
- «Førdefestivalen heile året»
- Fryd scene – Ål
- Gjøvik spelemannslag/Mjøsmuseet
- Hardanger Folkemuseum
- Hemom – Engerdal
- Hilmar året rundt – Innherred
- Hilme året rundt – Valdres
- Husfolk - Bærum
- Ivareggja Ska – Tolga/Os
- Jakupscena – Lom/Skjæk
- Kalottspel heilårsscene
- Kunsthuset Kabuso – Nordheimsund
- Kulturhuset – Lillehammer
- Nye Sjodar Folkemusikkscene – Bø i Telemark
- Osascena – Voss
- Pederhuset – Breim
- Riksscenen og OsloFolk
- Rudi gard – Sør-Fron
- Sørnorsk folkemusiksenter
- Tante Gerdas Scene - Hamar
- Gorrlaus – Tou scene i Stavanger
- Trad Session – Fredrikstad
- TrondheimFOLK
- Vågå konsertserie

Festivalar i Noreg med fokus på norsk folkemusikk:

- Farsund Folk Festival
- Fauskivalen (Hemsedal)
- Folkelarm (Oslo)
- Folkemusikkveka på Ål
- Førdefestivalen
- Heme dine (Engerdal)
- Hilmarfestivalen (Steinkjer)
- Jørn Hilme-stemnet (Fagernes)
- Kalottspel (Målselv)
- Osafestivalen (Voss)
- Røros Folk Festival
- Setesdal Folkemusikkfestival (Rysstad)
- Telemarkfestivalen (Bø i Telemark)
- Vinterfestivalen i Rauland

Regionale folkemusikksentre:

- Folkemusikk Nord
- Folkemusikksenteret i Buskerud
- Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans
- Sørnorsk folkemusikksenter

Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Landskappleiken (LK) og Landsfestivalen i gammaldansmusikk (LF) er dei to største årlege møteplassane i folkemusikk- og dansemiljøet. LK og LF er sosialt samvær på tvers av generasjonane. Det er møteplass for å spele, og det er kanskje av dei viktigaste møteplassane for å danse. Den sosiale dansen og spelet står i høgsetet. Og i tillegg er det ei scene for å vise fram tradisjonelle og dialektmangfaldige spelet og dansen. Det er nesten den einaste scena der den solistiske og mest karakteristiske tradisjonsutøvinga kan utfalde seg. Til dømes på LK 2023 stilte ca. 70 solistar på hardingfele opp og spelte for full idrettshall – eit stort, lyttande og interessert publikum.

På begge arrangementa er det sosiale samværet med dans og konserter viktig. Arrangementa er, og har vore, avgjerande for at vi framleis har ein så levande og variert folkemusikk- og folkedanstradisjon i Noreg, basert på lokale tradisjonar. Lag og enkeltutøvarar fordjupar seg i dei lokale tradisjonane fram til tevlingane. I tillegg til dei som er ein del av miljøet frå før, involverer arrangementa lokalbefolkingane i stor monn, og synergieffektane til lokalt næringsliv er betydelege.

Landskappleiken er ei nasjonal mönstring

og tevling i dei eldste formene for folkemusikk og folkedans, og vart første gong arrangert i 1896. Det blir tevla i både song, spel i ulike instrumentklassar og ulike typar dans, i tillegg til fele- og hardingfelebygging. Over 1000 personar er med på mönstringa i over 30 tevlingsklasser, og arrangementet samlar 3000-5000 både deltagarar og publikummarar.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk er eit noregsmeisterskap i gammaldans. Det blir tevla i om lag 15 ulike klasser – solistar, grupper, spelemannslag og dansarar. Om lag 600 personar er med på mönstringa og arrangementet samlar kring 2000-3000 personar. Den første Landsfestivalen vart arrangert i 1986.

Vi ser at folk anno 2024 har ei forventning om ein profesjonalitet i arrangementet som krev god og profesjonell leiing. Og krava til profesjonalitet blir stadig meir omfattande frå myndighetene også, til dømes når det gjeld HMS. Men korkje LK eller LF som tilskipingar får i dag tilskot frå kulturdirektoratet. Dette fordi det ikkje er kommersielle festivalar i vanleg forstand. På våre arrangement er det meste mönstring og kappleik, og fell dimed utanom tilskotsordningane. LK og LF er difor avhengige av lokale og regionale tilskot for at det skal gå rundt, og det er til dømes stor variasjon mellom fylka og kommunane når det gjeld kor mykje stønad dei gir. Vi har over år sett at økonomien i desse arrangementa blir tøffare, og at fleire og fleire lokale lag kvir seg for å ta på seg desse store arrangementa.

FolkOrg eig og forvaltar både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Desse blir kvart år arrangerte i samarbeid med ein lokal arrangør, vanlegvis eitt eller fleire lokallag. Dette er noko av det særmerkte med LK og LF. Det er små og lokale lag som tek på seg desse store arrangementa. Somme tek dei på seg med nokre års mellomrom, andre kvart tiande år, og nokre kvart førtiande år. Det er lokalsamfunnet som dreg lasset, og lokalsamfunnet som sit att med ringverknadane.

Det ville vere svært uheldig dersom LK og LF berre kunne arrangerast på nokre få stader i landet. Vi ynskjer å fortsetje med å ha desse to store tilstellingane på rundgang rundt om i folkemusikk-Noreg med ulike lokallag som arrangørlag. Vi meiner dette er noko særeigent, og gir liv og variasjon til arrangementet, og ikkje minst gir det mykje til mindre plasser rundt om i landet. Men ordninga krev mykje

av lokallaga, og krev meir og meir frå FolkOrg som eigar og hovudansvarleg for arrangementa.

Ei meir føreseieleg finansiering og fleire faste tilsette til å arbeide med arrangementa hadde sikra kvalitet og gjort det mogleg for fleire lokale arrangørar rundt om i landet å ta på seg å vere lokal arrangør.

Nordlek

Föreningen Nordlek er eit nordisk samarbeidsorgan for nasjonale og nordiske organisasjoner som har som føremål å fremje den tradisjonelle nordiske folkekulturen. Hovudsakleg folkemusikk og folkedans. I 2024 har Nordlek 18 medlemsorganisasjonar frå alle dei nordiske landa og sjølvstyrte områda. NU er einaste norske organisasjon i samarbeidet.

Sidan 1920 har det vore eit etablert samarbeid om folkedans- og musikkstemne i Norden. I 1975 vart ein formell samarbeidsavtale mellom dei nordiske organisasjonane signert og i 2012 vart Föreningen Nordlek stifta.

Nordlek arrangerer større og mindre nordiske stemne og festivalar med dansekeldar, konsertar, kurs, framsyningar og kulturutveksling. Arrangementa rullerer mellom landa og blir til gjennom lokale og regionale initiativ, der nasjonalledda er med som støtte og hovudansvarleg. Den siste store festivalen var NORDLEK i Arendal i juli 2024. Der møttest godt over 1000 deltakarar til ei veke med folkemusikk og -dans på tvers av landegrenser.

Arrangementa i regi av Nordlek er gode arenaer for kulturutveksling og synleggjering av norsk folkedans- og musikk. Gjennom desse kan ein nå ut til eit breiare publikum og vekke interesse for dei norske tradisjonane. Ein ting som er særskilt for stemne i regi av Nordlek, er at det blir lagt opp til samdansprogram og leia dansekøter der kvart land har ansvar for å lære vekk nokre av sine tradisjonar til deltakarar frå dei andre landa. Slik sett er ein gjennom dette nettverket med på å synleggjere dei norske tradisjonane til verda utanfor.

Nordlek søker tilskot til sine arrangement hos m.a. nordiske tilskotsordningar, men det er utfordrande å få tilsegn på desse. Sidan arrangementa rullerer mellom land og arrangør er det ikkje ofte det blir søkt på eksisterande tilskotsordningar nasjonalt og det er også her utfordrande å få tilsegn. Nordlek-stemna og

festivalane skil seg også frå andre festivalar, og det kan vere utfordrande å få festivalstøtte. Sidan det er ein lokal eller regional arrangør er ein avhengig av å få lokale eller regionale tilskot, men til eit nordisk arrangement som trekker til seg publikum og deltakarar frå heile Noreg og Norden, burde det vere enklare å få tilsegn gjennom nasjonale tilskotsordningar.

Setesdal og UNESCO

Tradisjonsoverlevering har til alle tider skjedd lokalt frå meister til elev, og dei siste 100 åra også gjennom spelemannslag og ungdomslag. Den immaterielle karakteren til folkemusikken gjer han særleg sårbar, og han treng derfor ivaretaking og vern. Tradisjonell song, dans og musikk, saman med tilhøyrande språk og omgrepssdanning er under sterkt press. Somme stader er det i ferd med å forsvinna. Globalisering og raskt skiftande livsstil er ein del av årsakene. Arbeidet med å verna denne kulturarven vil også bidra til å innfri fleire av FNs 17 berekraftsmål, slik det vert illustrert av UNESCO sjølv på deira nettsider.

I Setesdal, der spel, dans, kveding og stevjing har vorte listeført av UNESCO, har det vore eit felles engasjement for lokale kulturuttrykk på tvers av organisasjonar og strukturar gjennom viktig framtidstenking i regionen. Dette engasjementet viser styrken og viktigheita av lokale kulturuttrykk, og kan tene som mønster for liknande satsing elles i landet.

Immateriell kulturarv blir definert i UNESCOs 2003-konvensjon slik: «Praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap, ferdigheter – og dessutan tilhøyrande instrument, gjenstandar, kulturgjenstandar og kulturelle rom – som samfunn, grupper, og i nokre tilfelle, enkeltpersonar anerkjenner som ein del av kulturarven sin». Immateriell kulturarv blir i dag omtalt av UNESCO som Living heritage – levande kulturarv. Safeguarding har i offentlege norske dokument vorte omsett med vern, men i konvensjonen er det snakk om ivaretaking og vern gjennom bruk.

Staten har eit særskilt ansvar for å ivareta dei tradisjonsberande kulturuttrykka, fordi dette er ein del av vår felles kulturarv som ingen andre naturleg kan ta seg av. Folkedansen og folkemusikken har ein særskilt stor styrke som samværs- og deltakarkultur. Det er eit levande miljø av utøvarar som i lokalmiljøa sine foredlar og utviklar den immaterielle kulturarven. Dette er ein

unik måte å omgåast på og skapa levande kultur.

Per i dag er det berre ein liten ressurs ved kulturdirektoratet som har som ansvar alt som faller inn under immateriell kulturarv. Dette fører til at lokalmiljøa og eldsjelene i Setesdal står mykje aleine i den forvalting som Noreg har fått eit særskilt ansvar for.

FORSLAG TIL TILTAK

Sikre og styrke føreseileg driftstilskot til dei nasjonale organisasjonane slik at dei kan vere dei viktige reiskapane som trengs i forvaltinga av den nasjonale kulturelle musikk- og dansearven i Noreg.

- Styrke fokuset og auke talet på ansvarspersonar som arbeider med forvalting av immateriell kulturarv i Noreg.
- Sikre ei føreseileg finansiering av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk for at kvalitetten på arrangementa skal vere best mogleg og etter krava i dagens kulturliv, og gjort det mogleg for fleire lokale arrangørar å ta på seg å vere lokal arrangør.
- Sikre ei føreseileg finansiering av Nordleik dei åra det er i Noreg, for at kvaliten på arrangementa skal vere best mogleg og etter krava i dagens kulturliv, og gjort det mogleg for fleire lokale arrangørar å ta på seg å vere lokal arrangør.

3. Opplæring og formidling

For at tradisjonskultur skal bevare si kraft, må folk ha kjennskap og kunnskap. Det er eit statleg kulturpolitiske ansvar å sørge for at alle innbyggjarane i landet får møte norsk folkemusikk og folkedans i barneåra og gjennom resten av livet. Og vi vonar at den nye NOU-en gjer forvaltningsansvaret tydeleg.

Vi vonar NOU-en gir ein klar struktur og ei tydeleg ansvarsfordeling på alle forvaltningsnivå frå stat til grunnplan. Myndighetene har eit stort ansvar som må gjerast tydeleg på følgjande felt: Friviljugheit, profesjonell utøving, arkiv, arrangement/festivalar, utdanning, forsking, opplæring, instrumentmaking og dei forpliktingane staten har knytt til UNESCO-konvensjonen.

I folkemusikk- og folkedansmiljøet er vi opptekne av mangfald og respekt – mangfald både i type kulturuttrykk og deltaking, og respekt for andre tradisjonar og kulturar. Vi er overtydde om at god kunnskap om eigen kulturarv, som folkemusikk og folkedans, gjer folk meir opne og nysgjerrige i møte med både eigen tradisjon og andre tradisjonar og kulturuttrykk.

Overlevering av kunnskap

Noreg har ein unik solistisk musikktradisjon. Det er eit mangfald av levande både musikk- og dansedialektar. Tradisjonsoverlevering har til alle tider skjedd lokalt frå meister til elev, og dei siste 100 åra også gjennom spelemannslag og ungdomslag. Det er viktig med god rekruttering til dei lokale tradisjonsmiljøa slik at dei lokale møteplassane opplevast som aktuelle. I tillegg er det viktig at det nye opplæringsystemet frå kulturskule til høgare utdanning tek vare på større delar av tradisjonsmaterialet når dei tradisjonelle arenaene for overlevering blir svekte.

Den samiske kulturformidlinga har fått ein oppsving dei siste tiåra, og det er framleis eit stort potensial for vidare utvikling av musikkuttrykk inspirert frå joik og samisk kultur. Vidareføring av den tradisjonelle joiken er samtidig svært truga, og er slik situasjonen var for den norske folkemusikken for 30 år sidan heilt avhengig av eldsjeler og private initiativ. Med medvind frå dei gode førebileta som presenterer joikeinspirert musikk i riksmedia, er det kanskje rett tidspunkt no å initiera joikeundervisning i

kulturskulane i nokre kommunar og føra vidare dette til høgare utdanning for fleire på sikt.

Noreg er rikt på levande tradisjonsuttrykk frå andre delar av verda som også bør bli inkludert i denne NOU-en. Utvikling og nyskaping frå desse miljøa kan bidra positivt til generell bevisstgjering og kulturell eigenverdi. Alle tradisjonar har eigenarten sin, men tradisjonsmusikk og -dans har likevel fleire fellestrekks enn forskellar samanlikna med andre sjangerfelt. Det bør definera tydelege kulturpolitiske mål for korleis kulturerarar frå fleire tradisjonar kan ivaretakast som ressursar i vårt kunst- og kulturliv. Innan folkemusikkfeltet ligg unike høve til å jobba for mangfald og representasjon.

Framtidas publikum og deltakarar

For å rekruttera neste generasjons utøvarar og tradisjonsberarar må alle ledda i næringskjeda vera levedyktige og spela saman. Ansvoart for, og arbeidet med, å formidle kunnskap, og engasjere og motivere for aktivitet på feltet, er fordelt på mange. Dei lokale eldsjelene og dei lokale miljøa skal vera ein viktig og naturleg bidragsytar for den tidlegaste rekrutteringa gjennom spelemannslag og

dansarrangar. Kulturskulane må gje god undervisning innan både spel, song og dans. Og dei lokale og nasjonale møteplassane med stemme og kappleikar gir inspirasjon.

Den kulturelle skolesekken har eit viktig ansvar for å leggja til rette for at barn får oppleva folkemusikk og folkedans av høg kvalitet på nært hald; her bør det leggjast nasjonale fordinningar som sikrar at uttrykka blir jamleg formidla til alle barn. Ungt publikum må også få oppleva folkemusikk og folkedans av høg kvalitet på kulturhus og festival, og møte førebilete i media: NRK kan og bør som allmennkringkastar spela ei sentral rolle i å løfta og aktualisera feltet.

Både i mediepolitikken, gjennom tilskotsfordeling til det frie feltet og i DKS bør det gjevast insentiv til og leggjast til rette for at det blir utvikla fleire gode produksjonar retta mot barn og unge. Riksscenen har prioritert dette arbeidet høgt gjennom fleire år, og kan hjelpe med erfaring og produksjonskompetanse.

Utanfor det tradisjonelle skuleverket, kultur-

skulane og lokallaga si eigne organiserte opplæring, står sommarkursa og helgesamlingar fram som av dei viktigaste møteplassane og inspirasjonsfaktorane for barn- og unge, til dømes Strunkeveko i Valdres. Dette er samlingar av barn- og unge på tvers av tradisjonsområde. Her får ungdomen møte dei viktige tradisjonskjelde-ne over ei kort intensiv periode, men først og fremst er det det samværet med den sosiale dansen og spelet som er dei viktigaste motivasjons-faktorane. Det er viktig at desse sommarkursa og helgesamlingane for ungdom – som ofta er dei knytt til ein festival eller anna arrangement – har forutsigbare tilskotsordningar for å sikre ein trygg og stabil økonomi.

Ulike talentprogram er viktige for utviklinga og motivering av unge talent i folkemusikk- og folkedansmiljøet. Det er til dømes vore stor sukses med Folk Sessions på Riksscenen, og Introfolk som FolkOrg har annakvart år. Båe er utviklings- og mentoringsprogram for unge lovande artistar. Det er fleire andre program av mindre art, som til dømes Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans sitt Hilmartalent, Folkemusikksenteret i Buskerud sin Talentskulen, og dansekompaniet Frikar sitt program Frikar X, som alle er talentprogram for unge folkemu-sikarar og folkedansarar.

Instrument

I arbeidet med å lære opp og formidle den tradisjonelle musikken vidare, så trengs instrument til opplæringa. Det er veldig mange juniorspelmannslag, toradergrupper og trekspelen-sembler som har vore godt etablerte ensebler i mange mange år. Her er det utfordringar med instrumenter. Særleg på junioreensemblar med hardingfele har store utfordringer. Juniorinstrument er dyre, og det er ingen instrumentfond å söke på. For Instrumentfondet som Kulturdepartementet finansierer gjennom spillmidlene, har ikkje folkemusikkensemblar moglegheit til å söke på. Dette fordi instrumentfondet per i dag er forbeholdt korps og juniororkestre. Dette er altså prat om ca 20 millionar kronar i Instrumentfondet som folkemusikkensemblar ikkje kan söke på fordi pengane i dag delast ut sjangerbestemt. Det framstår rart at det i 2024 skal vere slik at sjangrane ikkje er likestilte, og vi oppmodar at KUD ryddar i denne ordninga. Vi meiner at det skal vere Norsk musikkråd som

burde forvalte desse pengane, og ikkje nokre få spesifikke sjangerbaserte medlemsorganisasjona-rar.

Merksemrd kring felles kulturarv

Vår oppleving er at det høge kunstnarlege ni-vært på dei fremste utøvarane i folkemusikken er lite kjent i det offentlege Noreg. Dei norske folkemusikk- og folkedanstradisjonane er unike for Noreg, dei skil seg frå andre musikksjan-grar, og frå tradisjonsmusikk og tradisjonsdans frå andre land. Derfor bør det vera naturleg at det offentlege Noreg nyttar folkemusikkarar og folkedansarar når dei skal representera landet vårt ved besøk utanlands, når Noreg har utan-landske gjestar og ved offentlege arrangement i Noreg. På den måten vil ein få presentert det unike, gjere folk meir kjende med og stolte over tradisjonane våre og skape ein arbeidsmarknad for desse utøvarane.

I løpet av 2023 så hadde NRK ei satsing på folkemusikk med den fireepisodars dokumentaren Trollstemt. Her fekk vi eit lite innblikk i kva folkemusikk er i dag. Det har kome mange gode lovord både om serien og feltet. Men folk flest kjerner lite til norsk folkemusikk og folkedans. Ein medverkande faktor til dette er at folk flest ikkje blir eksponerte for sjangeren med mindre dei oppsøkjer han på eige initiativ. NRK spelar til dømes i liten grad folkemusikk i dei vanlige sendeflatene sine ut over Folkemusikkimen, i sidekanalen NRK Folkemusikk, samt noko – dersom vi legg litt utvida folkemusikkomgrep til grunn – i programma På dansefot og Musikk-reisen. Dette har også representantar for NRK vedkjent seg i møte med FolkOrg. Vi skulle ynskje at det var rom for meir variert musikkuttrykk i dei generelle flatene. Også i andre kanalar enn NRK. Noko av suksessen og grunnlaget for renessansen til gammaldansen på 60- og 70-talet var nettopp at musikken blei spela mykje i radio – også utanfor dei sjangerbestemte programma.

Ved å gje norsk folkemusikk og folkedans meir merksemrd og status stig også interessa og kunnskapen for sjangeren. Ein kan sjå til dei britiske øyane og fokuset der på paraplyomgre-pet keltisk musikk. Kanskje i særleg grad i Irland og Skottland har innbyggjarane eit spesielt godt forhold til og god kunnskap om sin eigen musikktradisjon. Musikken vert mykje brukt og formidla nasjonalt, som vidare har ført til at dei

har fått stor internasjonal merksemd. Og det er ikkje berre i Noreg - med Grieg, Bull og fleire - at kunstmusikken har vore påverka av folkemusikken. Béla Bartók gjorde det same ut frå den ungarske folkemusikken, og ein kan også nemne Kodály, Dvořák, Tschaikovskij, Liszt osv. Norsk folkemusikk har også inspirert musikarar i andre sjangrar. I jazzmiljøet kan vi trekke fram Arild Andersen og Jan Garbarek som velkjende døme på det, og i dag ser vi at grensene mellom jazz, folkemusikk og ny musikk viskar seg ut i festivalbooking og jazzredaksjonenes spaltar der namn som Morganrode, Selma French og Helga Myhr, Anne Hytta og Kjorstad-brørne er heilt sjølvsagte. I andre sjangrar kan ein nemne Gåte, Ingebjørg Bratland, Valkyrien Allstars og Odd Nordstoga. Og med fenomenet Tuvas Blodklubb har bygdedans med tradisjonelt slåttespel vorte ein populær del av det urbane klubblivet.

Noreg har all grunn til å vere stolt over folkemusikken og folkedansen vår, men har i langt mindre grad enn andre vi kan samanlikne oss med løfta han fram. Til dømes har Irland vore særstak medvite om å løfte fram sine folkemusikk-tradisjonar i offisielle høve, og det har gjort at innbyggjarane er stolte over tradisjonane sine. Her kan det offisielle Noreg hente inspirasjon. Vi kan oppleve at dei offisielle norske delegasjonane har meir fokus på musikk som næring, og har med dei store og eksportvenlege artistane. Vi meiner at det offisielle Noreg har eit ansvar med å lyfte fram den norske kulturarven, og på denne måten – over tid – vere med på å lyfte og auke vørdrnaden for norsk folkemusikk og auke eksporten av musikarar innan sjangeren. Meir om eksport av norsk folkemusikk i kapittel 5.

Ei god forankring i eigen kulturarv gjer oss opne og nysgjerrige overfor kulturarv og kulturredtrykk frå andre land. Folkemusikk og folkedans er mest fråverande i NRK-program retta mot barn og unge. Når barn i tillegg knapt møter folkemusikk og folkedans i skulen, er det veldig tilfeldig om barn i Noreg får oppleva norsk folkemusikk og folkedans. Om ein ikkje er blitt introdusert for sjangeren i samband med skulegangen, er terskelen for å oppsøke sjangeren ved seinare høve endå høgare.

FORSLAG TIL TILTAK

- Kunnskapen om folkemusikk- og folkedanstradisjonane i Noreg kan aukast ved følgande tiltak:
- Kunnskapen om folkemusikk- og folkedanstradisjonane i Noreg må aukast gjennom at det offisielle Noreg løftar fram desse i offisielle høve.
- Media, og då særleg NRK, må oppfordrast til å i større grad nytta folkemusikk og folkedans i sine program, ikkje minst i program retta mot barn.
- Sommarkursa i folkemusikk og folkedans er viktige for opplæring og rekruttering, og tilskotsordningane for desse må tryggast og styrkast.

Opplæring og utdanning

Folkemusikken og folkedansen ligg i skjeringpunktet mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Opplæring og formidling har heile tida vore tett samanvove, og det trengst derfor ein heilskapleg politikk frå begge departementa heilt frå barnehage til universitet.

For at Noreg skal følge opp forpliktingane frå UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven, må heile opplærings- og utdanningsløpet innanfor folkemusikk og folkedans styrkast frå barnehage, via grunnskule, kulturskule og vidaregåande skule, til høgare utdanning og forsking. Opplæringa i desse institusjonane skjer i tett samarbeid med lokallaga, som står for vedlikehald, samspel og sosialt miljø. I den nye læreplanen for grunnskulen står det om folkemusikk frå heile verda, og den samiske er nemnd særskilt. Diverre er ikkje dei norske folkemusikk- og folkedanstradisjonane framheva.

Utdanningsinstitusjonane

Utdanning er ei forplikting, og eitt av dei viktigaste vernetiltaka for immateriell kulturarv i følgje kapittel 2.3 i UNESCOs 2003-konvensjon. Dei framhevar både ikkje-formell utdanning (drive i Noreg av institusjonar og frivillige organisasjonar) og formell utdanning. Artikkel 13 og 14 omhandlar staten sitt ansvar for utdanning generelt, og det å etablere eller styrke

utdanningsinstitusjonar som tek vare på den immaterielle kulturarven. Artikkel 15 framhevar at utøvarane, tradisjonsmiljøa og personane i størst mogleg grad skal bli involvert i bevaringsarbeidet. Artikkelen fordrar struktur rundt involvering av tradisjonsmiljøa rundt lærestaden. I heile utdanningsløpet, inkludert kulturskulen og den kulturelle skulesekken, ligg det til grunn eit godt samarbeid mellom skule og lokalmiljøet rundt.

Per i dag er det tre hovudinstitusjonar med utdanningsløp på høgare nivå, bachelor og master innan folkemusikk og folkedans. Det finnes også moglegheit for å søkje Ph.D-stipend: Norges musikkhøgskole, Ole Bull Akademiet, USN Rauland og NTNU.

I tillegg til dette har Vinstra VGS i Gudbrandsdalen landsline i folkemusikk, og ønskjer å knytte til seg folkedans som del av landsline-tilbodet.

Dei fire studieprogramma og den vidaregåande skulen i Vinstra er oppretta etter stort politisk engasjement i folkemusikk- og folkedansfellet. Fleire av utdanningsløpa har i åras løp mått kulturpolitisk eller institusjonelt kjempa for fortsett opprethalding, ofte gjennom personlege engasjement. Desse studia er heilt avhengig av institusjonell økonomi og intensiv, og står ofte i fare når store, berekraftige forskingsmiljø er på politisk agenda. Ein treng difor ei klår uttalt utdanningspolitiske retning for opprethalding og styrking av utdanningsløpa, og at dei skal vera spreitt i landet som lekk i tradisjonsbevaring og mangfold over heile landet.

Utdanningsløpet er avhengig av eit utdannings-økosystem. For å tilby utdanning, må det finne stad forsking og forskingsformidling. Det må bli utdanna nok forskarar til dei høgre utdanningsinstitusjonane, nok fagpedagogar til dei pedagogiske utdanningane, og nok pedagogar med folkemusikk- og folkedanskunstkompetanse til å undervise i barnehage og grunnskule.

Det er eit skrikande behov for eit nytt, stort læreverk i folkemusikk og folkedans. Det er i dag ingen læreverk med oppdatert innhald etter 1990. For bachelorstudentar er forskingsartiklar på engelsk i vitenskaplege tidsskrift vanskeleg tilgjengelege. Det er svært viktig å få gjort dette så snart som råd, sidan både feltet, men ikkje minst forskinga har gått gjennom store endringar og ny kunnskap er skapt. Aktørar med utgangspunkt i utdanningsinstitusjonane har vore i gang med å arbeide fram eit dynamisk digitalt

læreverk, men dette initiativet treng stimulans og finansiering for å få fortgang i utarbeidingsa. Også det norsk-språklege tidsskriftet Musikk og tradisjon drive av forskarorganisasjonen Norsk folkemusikklag treng økonomiske insentiv for å fortsetje i eit meir profesjonalisert og akademisert forskingspublikasjonverd.

Miljøet har sett på ei løysing for dynamisk digitalt læreverk der både forskingspublisering, læreverk, og allmenn-formidling er kombinert. Miljøet ser nemleg også eit stort behov for oppdatering av pedagogisk lærermateriale, som lærer-verka i folkedans til Klara Semb: Songdansboka og Turdansboka. Desse verka er gode kjelder til tekster, noter og ikkje minst danseforklaringar. I dagens samfunn har færre god nok kunnskap om korleis ein kan formidle musikk og dans frå skrivne kjelder. Ei digitalisering og visualisering av innhaldet vil gjere materialet enklare for lærarar i skulen å bruke og læreverka vil vere med på å vidareføre musikken og dansen.

Instrumentmakarar

Instrumentmaking er både ein immateriell kulturarv og eit levebrød. Men det er få instrumentmakarar som bygger hardingfeler, langeleikar og andre eldre folkemusikkinstrument. Og gjennomsnittsalderen deira er høg. Ein treng å få utdanna fleire instrumentmakarar. Dei bygger særnorske instrument, og det er berre her i landet ein finn kunnskapen om dette. Det er berre Noreg som kan ha ansvaret for å legge til rette for at desse blir bygde. I dag er det utdanning i instrumentmaking både ved USN Rauland og Ole Bull Akademiet, og desse utdanningane bør styrkast. Dei eksisterande instrumentmakarverkstadene bør få eit særskilt ansvar og ein veg til å gi lærerstolar til nye instrumentmakarar. Slik sikrar ein at den handlingsborne kunnskapen blir vidareført til neste generasjon.

Kunnskapen om bygging av dei særnorske instrumenta er av den mest sårbar immaterielle kulturarven vi har i landet.

Kulturskulane

Barne- og ungdomskulturmeldinga frå 2021 understrekar at kulturskulen ikkje berre skal bli tilpassa etterspørsele, men òg har ei rolle i å vidareføra lokale kunst- og kulturtradisjonar. Meldinga presiserer at det ikkje nødvendigvis er

krav om formell pedagogisk utdanning for kulturskulelærarar, og at realkompetanse kan vere likeverdig.

Det er viktig at kulturskulen tek omsyn til den unike undervisningsmetodikken innan folkemusikk og folkedans, som hovudsakleg er gehørbasert og knytt til levande praksis og lokalmiljø. Ny rammeplan for kulturskulen er under arbeid, og det er avgjerande at folkemusikk og folkedans får ein sentral plass som immateriell kulturarv.

I 2023 undersøkte Norsk senter for folkemusikk og folkedans undervisninga i folkemusikk og folkedans i kulturskulen, som ein oppfølging av ei liknande undersøking frå 2008. Resultata viser at undervisningstilboda framleis er mangelfulle. I 2008 hadde berre 4,4 % av skulane (12 skular) eit fast eller prosjektbasert tilbod i norsk folkedans. I 2023 hadde talet auka til 10 %, men det er framleis låg dekning. Når det gjeld folkemusikk, hadde 42,4 % av skulane (112 skular) tilbod om folkemusikk i 2008, og dette talet var nesten uendra i 2023 med 43 %. Likevel viser vidare undersøkingar at berre ein liten del av kulturskuleelevar får undervisning i folkemusikk. Av dei 199 skulane som svarte på undersøkinga i 2023, var det totalt 79 046 elevar, men berre 2,07 % (1 636) deltok i folkemusikktilbod. For folkedans var det berre 0,47 % (374).

Heile 28 % av skulane utan tilbod i folkemusikk svarte at dei heller ikkje har planar om å tilby dette, sjølv om det skulle bli etterspurt eller dersom lærarkrefter med kompetanse dukka opp. Mange skular peikar på mangel på etterspørsel og lærarressursar som hovudårsakene til manglande tilbod.

Desse tala viser at kulturskulane per i dag ikkje evner å ta vare på tradisjonsmusikken innanfor sine rammer.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringslova har mellom anna eit overordna mål om å skape ein sjølvstendig arena for læring, eit supplement til offentlege utdanningstilbod for vaksne, og ikkje minst styrke kulturelt mangfald og auke deltakinga i kulturlivet.

Dei to store medlemsorganisasjonane som er medlem i høvesvis Musikkens studieforbund (FolkOrg) og Studieforbundet kultur og tradisjon (NU) hadde i 2023 samla sett 466 kurs med

4448 deltakrar og 14 405 studietimar med og utan lærar. Dette er dei teljande deltakarane som har meir enn 75 prosent oppmøte, men i realiteten har aktiviteten fleire deltakrar. Tala er henta frå Voksenopplærings-forbundet sin statistikk over godkjende kurs, og viser at aktiviteten har tatt seg opp etter pandemien.

For både FolkOrg og Noregs Ungdomslag er studiestøtta viktig for å halde oppe dei faste aktivitetane og møteplassane over heile landet. Studiestøtta dekker ikkje alle kostnadane, men er med å sikre stabiliteten.

FORSLAG TIL TILTAK

- Ansvarleggjere alle kommunar til å forplikte seg til vern og vidareføring av immateriell kulturarv i kulturskuletilbodet gjennom å prioritere folkemusikk og folkedans i kulturskulane.
- Utdanningane for instrumentmakarfaget må sikrast og styrkast.
- Pedagogar på alle nivå, både i barnehage, grunnskule, kulturskule og høgskule/universitet må møte folkemusikk, joik og folkedans i utdanningsløpet.
- Lærarar må ha tidsmessige lærermiddel tilgjengelege til si undervisning, slik at elevane jamleg kan møte folkemusikken og folkedansen i skuleløpet sitt.
- Sikre at det blir produsert nye og oppdaterte læreverk om folkemusikk, joik og folkedans.
- Landslinja for folkemusikk og folkedans ved Vinstra vgs. må oppretthaldast og styrkast.
- Det må leggast til rette for meir forsking innanfor folkemusikk, joik og folkedans. Det må stimulerast til fleire forskingsprosjekt på og rundt feltet, og det trengst både doktorgradsstipendiatar (PHD) og postdoktor-stillingar.
- Tidsskriftet Musikk og Tradisjon må styrkast og sikrast finansiering.
- Barn og unge må jamleg møte folkemusikk og folkedans gjennom si skuletid.

	2021			2022			2023		
	FolkOrg	NU	Samla	FolkOrg	NU	Samla	FolkOrg	NU	Samla
Kurs	125	125	250	159	238	397	175	291	466
Timar	3 723	2 850	6 573	6 411	6 053	12 464	6 779	7 626	14 405
Deltakarar	872	2 097	2 969	1 229	2 523	3 752	1 416	3 032	4 448
Tilskot	596 256	322 725	918 981	652 210	668 376	1 320 586	789 005	713 715	1 502 720

4. Finansiering, økonomi og pengestraumar

Det er ute i lokallaga til organisasjonane det viktigaste arbeidet og drifta skjer i bruken, foredlinga og utviklinga av norsk folkemusikk og folkedans. Når det gjeld drift og prosjekt som lokale lag har, vil dei kunne finansiera delar av denne aktiviteten ved hjelp av medlemskontingent, varierande tilskot frå kommunane, Frifond, tilskot frå studieforbund, KOMP, momskompensasjon og ulike prosjekttilskot. Momskompensasjon og Frifond vert administrert til laga via FolkOrg og Noregs Ungdomslag.

Folkemusikken er i dag ein relativt lite kommersiell sjanger, men har eit engasjert og interessert publikum. Det er mange små heilårsarrangørar rundt omkring i landet. Heilårsarrangørane kan søka om driftstilskot via arrangørtilstoksordninga til Norsk kulturfond, eller i ordningar hos FFUK. Attendemeldingane frå dei aktive arrangørmedlemene er at det er vanskeleg å nå gjennom, og at drift framleis mykje skjer på dugnad.

Tilskotsordningar på folkemusikkfeltet

Det er viktig med tilskotsordningar som utsøyser aktivitet lokalt og som fører til mangfold og engasjement på grasotnivå. Lågterskel tilskotsordningar er svært viktige og verdifulle for breidda av tiltak i heile landet, både for organisasjonar, lag, grupper, arrangørar og enkeltpersonar. Lågterskel tilskotsordningar stimulerer aktivitet i eit breitt nedslagsfelt. Det blir søkt om tilskot til aktivitetar av ulikt slag, rekruttering, kurs, innsamling, forsking, formidling og konserter, og søkerne kjem frå heile landet.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans har ei tilskotsordning for aktivitetar som fell utanfor tilskotsordningane til Norsk kulturråd. Tiltaka det blir søkt om, er ofte initiert av aktørar frå det frivillige feltet, men gjeld også aktivitetar med opplærings tiltak som fell utanfor kulturskulen og andre opplæringsinstitusjonar. Grunn til dette kan vere til dømes mangel på pedagogikkutdanning hos instruktørane.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans har erfart at det har vore ein stor auke i søker-

der sidan ordninga ”Små og raske midlar” blei innført i 2010. Den totale søkeradssummen har auka med 449 % frå oppstart til rekordåret 2022. I dei siste fem åra har den gjennomsnittlege potten for både ”Prosjektmidlar” og ”Små og raske midlar” vore på 1,6 millionar kroner, medan den totale søkeradssummen gradvis har auka frå 5,3 millionar kroner i 2019 til meir enn 6,7 millionar kroner i 2023. Pågangen har vore størst under ordninga ”Små og raske midlar”, med ein auke på 71 % i søkerne midlar frå 2019 til 2023, medan det i same periode førekomm ein auke på 10 % i søkerne midlar under ordninga ”Prosjektmidlar”. Desse tala viser at det er ein aukande pågang på søkeradsordningane, men derre er ikkje løyvngane store nok til å innfri behovet frå feltet. Styret i Norsk senter for folkemusikk og folkedans har løvd tilskot til 44 % av søkerne under prosjektmidlar dei siste fem åra, men på grunn av låg pott til utdeling har berre 25 % av den totale søkeradssummen blitt tildelt.

FolkOrg har si eiga Aktivitetstilstoks-ordinning, som FolkOrg tek av eigenkapital og eigne driftsmidlar. Ein må vere medlem for å søker, men prosjektet treng ikkje berre omhandle medlemmar. Det kan vere aktivitetar, rekrutteringsprosjekt, formidlingsprosjekt, osv. Våren 2024 var total søkeradssum på over 600 000 kroner der ramma for tilskotsordninga var på 200 000 kr. Så akkurat som Norsk senter for folkemusikk og folkedans ser med sine tilskotsordningar, ser også FolkOrg at det er stort ønske om mykje aktivitet, men mange om beina på dei få midlane som er tilgjengelege.

FolkOrg har også over fleire år kunne vidareformidle rekrutteringsmidlar frå DEXTRA, noko som har gjeve mange gode prosjekt fleire stader. Dette er midlar til store rekrutteringsprosjekt, som krev eit ganske godt aktivitetsfundament i laget som søker. For at laga skal blomstre, trengst gode instruktørar i både dans og spel, eigna lokale og gode leiarar. Denne ordninga er prisgitt Sparebankstiftinga, og vi håpar sjølv sagt at denne ordninga vil vare i mange år framover.

I og med at organisasjonane per i dag, verken FolkOrg eller tilskotsordningane til Norsk senter for folkemusikk og folkedans, ikkje har ordningar for konserter og turnear, er det jo eit

sterkt ynskje både frå arrangørane og utøvarane ei ad hoc-ordning slik jazz-miljøet har. Dette er tilskotsordningar som går direkte til prosjekt og arrangørar knytt til utøvande formidlarar, og er mest for ei "toppstøtte" å rekne. Men ofte er slikt det vesle som skal til for å få eit prosjekt eller ein turne til å faktisk bli noko av. Denne ordninga ynskjer vi sterkt i folkemusikk-Noreg også. Det er jo slik i dag at mange musikkarar arbeider på tvers av sjangrar. Det kan da opplevast rart for heiltids utøvande tradisjonsmusikkarar å sjå at kollegaer har sjangerspesifikke stønadssordningar å söke på gjennom Norsk Jazzforum som ein ikkje har innan folkemusikken.

Møtestadene for den sosiale dansen og det sosiale spelet er kanskje det viktigaste vi kan arbeida for. Å laga møteplassar der det sosiale spelet og dansen står i høgsetet er det som skal til for å engasjera, motivera og rekruttera. Og ikkje minst er dette den mest naturlege arenaen for musikkarar å spela på. Vi ser ein etterspørsel etter dansefestane i dei store byane der det faktisk er arrangørar som med jamne mellomrom kan satse på det. Men dei lokale aktørane og friviljuge laga har ikkje like stor moglegheit og økonomisk rom for dette.

Eit naudsynt Fond for tradisjonsmusikkutøvarar

Noreg har ein usedvanleg rik tradisjon når det gjeld tradisjonell musikk og dans. I motsetning til tidlegare tider, har vi no tekniske høve til å lagra, lytta, sjå og overlevera utan fysisk nærvær eller å vere på same stad til same tid. Likevel er det framleis slik her til lands at tradisjonell musikk og dans hovudsakleg blir lært og blir brinka vidare personleg frå utøvar til utøvar. Denne sterke tradisjonen gjer at folkemusikkmiljøet er vitalt og folkesette av utøvarar som treffest og lærer av kvarandre.

Folkemusikken er ein delingskultur. Denne delingskulturen i møte med eigarskap og opphavsrett gir utfordringar, og tradisjonsmusikkens plass i TONO-systemet har vore krevjande heilt sidan TONO vart oppretta. Opphavsretten gir eit tidsavgrensa vern. I dag har ein norsk opphavsmanns verk vern i levetida til opphavsmannen + 70 år etter dødsåret (åndsverkslova § 40). Dette inneber at den tradisjonelle musikken for lengst er "fallen i det fri" og kan nyttast fritt av

alle. Realiteten er da at det ikkje er opphavsrett på den tradisjonelle musikkarven. Det ligg i tradisjonsmusikkens natur. Dette gir da utslag i at dersom du bruker tradisjonell musikk frå scena som utøvande kunstnar, så er det inga ordning for å få vederlag for dette – per i dag. Dersom ein spelar sin eigen nykomponerte musikk derimot, så vil du som opphavsperson få vederlag frå TONO. Det vil per i dag alltid løna seg å spela sin eigne nylaga musikk frå scena. Dette vil sjølv sagt i lengda underminere bruk av tradisjonsmusikk, og svekke bruken av tradisjonell folkemusikk i yrkesutøvande sceneinnslag.

Dei fleste utøvarar er likevel nøyne med å opplysa kvar verket stammar frå, kven som har framført det, kor gammalt det kan vera, kva spelemann eller spelemenn som har stått for akkurat denne versjonen og kven dei sjølv har lært verket av. I mange tilfelle blir det også vidareformidla informasjon om tilbliinga til verket eller omstende rundt opphavsmannen som etter det som blir sagt, skal ha påverka verket. Slik sett er det langt meir enn musikk som blir formidla når tradisjonell folkemusikk blir framført.

Som eitt av dei få landa som kan skilta med både ein sterk tradisjon og ein etablert infrastruktur tilrettelagt for å handtera opphavsrettsleg fundert bruk og vederlag, oppmodar vi til å få fram eit system der tradisjonsuttrykk blir særleg verdsette innanfor ein rettsleg-økonomisk ramme. Dette vil utvilsamt bidra til å halda liv i og utvikla den norske tradisjonskulturen og samtidig kunne vera eit uttrykk for at me behandlar tradisjonsuttrykk med respekt.

Det er ei stor bekymring at det er veldig få insentivordningar for å drive med det folkemusikkorganisasjonane har eit hovudansvar for å vidareføra og forvalta: Den musikalske arven. Dei aller fleste tilskotsordningar som går på musikk, handlar om å skape musikk og utøve denne. Dette gjer at dersom du skal arbeide som utøvande musikar så vil det alltid leggast opp til at du skal spela nykomponert musikk. Da kan du få tilskot til produksjon og til framføring.

I følgje retningslinene kan ein få tilskot via ordninga Komposisjon og produksjon av musikk også i prosjekt som tek utgangspunkt i tradisjonsstoff. Men dersom ein ser på dei som har fått tilskot dei siste åra, så er det få som slepp gjennom dette nåluget. Det er for få som får tilskot. Det har vore kommentert frå FolkOrg og alle i Arrangørforum på høyringa i Familie-

og kulturkomiteen over fleire år at denne ordninga må styrkast.

Kan det finnast løysingar som gjer det meir attraktivt å spela tradisjonell musikk på konserter? For dersom den tradisjonelle musikken skal overleva og brukast og bli tilgjengeleggjort for lyttarane utanfor dei små miljøa våre, så må det finnast insentivordningar for denne bruken. Folkemusikken treng altså ei tilskotsordning der dei som spelar og syng tradisjonell musikk på konsertane sine, og på den måten formidlar og vidarefører den tradisjonelle musikken i eit tradisjonelt uttrykk, kan søke om å få honorert for denne bruken og formidlinga.

Vi meiner at det er prekært å få på plass eit fond som utøvarar kan søke på i prosjekt der repertoaret er tradisjonell musikk.

For oss som jobbar for at musikkarven vår også skal vere arv om 50, 100, 200 år, er dette viktig å arbeida med. Vår musikk blir ikkje brukt fordi den er ny. Den blir brukt fordi den er god. Og den er ikkje god fordi den er gammal, den er gammal fordi den er god. Han har gått gjennom traderingsprosessar frå generasjon til generasjon til generasjon, og blitt foredla og vidareutvikla i dei prosessane. Musikken har overlevd, og derfor er han god. Denne musikken fortener å bli brukt, og det burde bli verdsett å bruka han på line med nylaga musikk.

FORSLAG TIL TILTAK

- Finansieringa av folkemusikk- og folkedansfeltet må aukast for at ambisjonane på feltet skal kunne følgjast opp.
- Tilskotsordningane som treff den frivillige delen av feltet må styrkast. Dei må vera stabile og gode til både drift og til aktivitetar til dei frivillige laga innanfor folkemusikk og folkedans.
- Fond for tradisjonsutøvarar må etablerast med mål om å gje prosjektilskot og vederlag til tradisjonsutøvarar som nyttar opphavsrettsleg fri norsk tradisjonsmusikk på scenene.
- Ad hoc-ordningar for profesjonelle utøvarar og arrangørar slik det er på jazzfeltet.
- Dei generelle tilskotsordningane til frivillig kulturliv, som Frifond, vaksenopplæringsmidlar, momskompensasjon, KOMP og ordningane til Norsk senter

for folkemusikk og folkedans må styrkast.

- Tilskotsordningane i post 55 i Norsk kulturfond må styrkast.
- Dei økonomiske vilkåra må bli betre og meir proporsjonale når det gjeld større og etablerte folkemusikkgrupper.
- Norsk kulturfond må anerkjenne at folkemusikk og folkedans heng tett saman. Tilskota må ta høgde for at det er dyra å produsere ei framsyning med både dansarar og musikarar.
- Tilskotsordningane må vera lite byråkratiske.

5. Folkemusikk som næring

Innan folkemusikken har eit breitt spekter av profesjonsutdanningar hatt mykje å seia, og ikkje minst ført til ei aukande mengd av profesjonelle folkemusikkarar. Det har blitt eit større mangfald av utøvarar med tradisjonskunnskap og definisjonsmakt over eigen sjanger, som set dagsordenen i musikklivet. Det er ei spennande kunstnarleg utvikling, både innanfor det tradisjonelle og det meir sjangerovergripande.

Samspel mellom det profesjonelle og friviljuge

Vi kan nok ikkje få skrive nok gonger at noko av det vi er mest stolte av og som er av det mest karakteristiske for vårt felt er at våre møteplassar er på tvers av generasjonar. Men noko som kanskje er enda meir karakteristisk er at dei er på tvers av nivå. I spelmannslaga og i det sosiale spelet er det heilt naturleg at dei involverte er på ulikt nivå. Hos oss er dei profesjonelle også ein aktiv og delaktig del av grasrota.

Vi har no godt fundamenterte høgare utdanningsinstitusjonar innan folkemusikk og folkedans, og det blir fleire og fleire som har folkemusikk og folkedans som leveveg. I ei undersøking på Norges musikhøgskole blant studentane vart det spurt om kva forhold dei hadde til musikkmiljøet dei kom frå. Folkemusikk-studentane skilte seg ut med det at dei følte at dei vil gje noko attende til miljøet. Dei ynskjer å vera medvítne om sitt ansvar for å vidareføre ein kulturell arv. Denne kjensla — som mange i folkemusikkmiljøet har — er vi stolte av: Det å ha viljen til både å formidle og gje attende til miljøet der ein sjølv fekk. Musikkarar før i historia har teke ansvaret, det skal vi også gjera. Og at dei som lever av folkemusikken også føler på denne kjensla er bra, men også ei utfordring når det kjem til spørsmål om kva ein kan ta honorar for og ikkje. Det er ei utfordring som forbetra ordningar for tradisjonsmusikkarar kan bøte på.

Folkemusikken er tradisjonelt sett ein lite kommersiell sjanger, og framleis er det få stilningar, så mange lever som frilansarar. I tillegg er dei med som utøvarar i spelmannslag og gammaldansgrupper og større ensemble, der

mykje vert gjort på dugnad. Dei stiller også opp på Landsappleiken, Landsfestivalen og andre mònstringsarenaer.

Kunstpolitikken må ta høgd for eigenarten til folkemusikken og folkedansen. Det gir ikkje alltid mening å trekka eit skilje mellom bevaring og fornying. Vi etterlyser refleksjon omkring eit utvida kvalitetsomgrep og ein fleksibilitet i tilskotsordningane som ikkje tvingar tradisjonsutøvarar i ei unaturleg retning. Det må også blir teke høgd for feltet sin eigne “meister”-definisjonar som ikkje alltid samsvarer med etablerte profesjonsnormer, og for kor tett samanvove det profesjonelle feltet kan vera med grasrota. I folkemusikken og folkedansen er dei lokale tradisjonsberarane livsnerven og kunnskapskjelda — no som i alle tider. Utfordringa ligg i å sørja for berekraft for desse funksjonane i det moderne samfunnet.

Folkemusikk anno 2024 – også næring og bransje

Det er eit stort mangfald av profesjonelle og semiprofesjonelle tradisjonsutøvarar, og det kunstnarlege nivået er høgt. Dei profesjonelle folkemusikkarane har ulike kombinasjonar av inntekter, frå konsertverksemrd i Noreg og utanlands, DKS, utgivingar, kulturskular, anna pedagogisk verksemrd i inn- og utland, musikalsk leiing av spelemannslag, komposisjon og ulike tilskotsordningar. I tillegg er det fleire som kombinerer den kunstnarlege verksemda si med inntekt frå andre jobbar. I ei undersøking FolkOrg har gjort med over 150 yrkesaktive tradisjonsutøvarar seier berre 30 % at folkemusikk/folkedans er grunnlaget for meir enn over 80% av totalinntekta deira.

For eit profesjonelt felt trengst sterke sjangerorganisasjonar med god kunnskap og godt nettverk. Det trengst også gode og etablerte festivalar med folkemusikk i fokus, til dømes Førdefestivalen, Hilme, Telemarkfestivalen og Hilmarfestivalen. Det er også fleire og fleire generelle festivalar som har oppdaga folkemusikk dei seinare åra. Men, det er eit meir skrind heilårsarrangørledd knytt til folkemusikken, og

dette bør vera eit prioritert satsingsområde. Synergiane ved eit styrkt arrangørnettverk over heile landet vil vera mange og store. Det vil gi publikum høve til å oppleva folkemusikk av høg kvalitet over heile landet. Det vil også kunna skapa ei større merksemd rundt eigen lokal musikk, og stimulera lokale dansetradisjonar. Artistøkonomi og arrangørøkonomi vil styrkjast ved å etablere turnéruter, og på sikt vil det vera mogleg å byggja eit reelt bransjeapparat også innan våre sjangerfelt. Kven som har nøkkelen til å styrka eit nettverk av heileårsarrangørar bør greia ut.

Folkemusikken er blant dei mindre kommersielle sjangrane, med svært få faste stillingar, og det er krevjande økonomisk å leve av å vere utover. Finansieringa av musikkfeltet i Noreg er skeivt fordelt på sjangrane. Over 90 prosent av dei offentlege tilskota går til orkester og institusjonar som i hovudsak framfører europeisk kunstmusikk. Dette resulterer dessutan i ei geografisk skeivfordeling av tilbod til publikum, og er historisk også ei sosial skeivfordeling. Om lag 4 prosent går til dei som framfører tradisjonsmusikk, jazz, populärmusikk og verdsmusikk. Innanfor desse sjangrane er det få prosjekt som får da tilskotsordninga også her er for lita for søknadsmengda. Det er i liten grad økonomi til å engasjere bakfolk som management og agentar. I ei undersøking FolkOrg har gjort blant sine yrkesutøvarar seier berre 3% av dei at dei bruker management, og økonomi blir oppgjeve å vere hovudgrunnen til at så få brukar det.

Tendensen er at mange grupper gir seg på grunn av vanskelege økonomiske tilhøve. Det blir ikkje gitt tilstrekkeleg tilskot til desse, og arrangørøkonomien er for svak til å betala bransjestandard på honorar til større grupper. Det påverkar den kunstnarlege utviklinga i sjangeren. Ein må jobba for at dei økonomiske vilkåra blir betra og meir proporsjonale når det gjeld større folkemusikkgrupper.

Plateselskapa som gir ut folkemusikk er viktige for å dokumentera dagens folkemusikkuttrykk og for å gjera folkemusikk frå samtid kjend. Det er derfor avgjerande at desse får tilskot til utgjevingane sine, og heilt essensielt at Norsk Kulturfond si fonogramtilskotsordning blir vidareført og styrka.

Folkedans som kunstuttrykk

Den kommande NOU-en må anerkjenna folkemusikk og folkedans som eit unikt kunsfelt i spennande utvikling. For å rekruttere til folkedansyrket er grasrota med dei lokale miljøa essensiell, det trengst ei satsing på folkedansen på grasrotnivå. Finansieringa av folkedansfram-syninga er ei utfordring. I dette feltet er musikken og dansen tettvovne, og dansen og musikken skjer i ein kommunikasjon mellom dansarar og musikarar. Framsyningane har derfor nesten alltid levande musikk. Det gjer at kostnadene blir høgare. Det trengst ei forståing for det hos tilskotsytatarar, som til dømes Norsk kulturfond.

Når det gjeld folkedans, er profesjonaliseringa nyare enn for folkemusikken. Her skjer det no ei kunstnarleg utvikling i fleire retningar, som er basert på tradisjonane. Samtidig viser den fram noko av det mest nyskapande vi har på dansefeltet om dagen. Her kan vi nemna dansekomnia med Kartellet, Frikar, Mamelukk og Villniss som gode eksempel. Potensialet er stort. Det skjer nyskapande framsyninga i generasjonen etter desse meir etablerte, mange av desse kjem frå 20 års storsatsing på talentutviklingsprosjektet Bygda dansar. Utfordringane er likevel mange.

I sceniske produksjonar med basis i folkedans ser me konturane av eit genuint nyt dansespråk. I ei tid når kunstliv og scenekunsten søker mot deltaking, performative prosessar og avkolonialisering skal det ikkje vera tvil om at den sceniske folkedansen har stor aktualitet. Denne aktualiteten blir henta i sjølve tradisjonen.

Det er no på høg tid at den sceniske folkedansen møtest av rammevilkår som kan samanliknast med scenekunsten elles. I tiåra vi har lagt bak oss, har utøvarar og spreidde produksjonsmiljø løfta kvaliteten monaleg. For å komma vidare frå det nåverande nivået må det bli prioritert ressursar til produksjonsarenaer og fagmiljø. I 2024 var det tenkt oppstart av bachelor i Folkedans på USN. Dette er kjempebra! Det trengs tid til å utvikle denne; ein må finne eit godt format. Ein må sikre at denne får fortsette og å utvikle seg, og på sikt ved fleire utdanningsinstitusjonar enn USN for å sikre eit mangfold av uttrykk. Norsk kulturpolitikk skal ha høge ambisjonar for dette kunstfeltet, og leggja til rette for at det utviklar seg vidare på eigne premissar.

Arrangørar og festivalar

Festivalar

Festivalar har ei eiga evne til å trekke til seg folk på grunn av den møteplassen dei er, og i festivalsamanheng er det lettare å få folk til å gå på konserter og framsyningar som dei ikkje kjenner til på førehand. Festivalane er derfor ekstra viktige for å få fleire til å oppdage den store variasjonen og den høge kvaliteten som finst innanfor folkemusikk og folkedans. Her kan folk få sin første folkemusikkonsert, sjå ei danseframsyning eller danse tradisjonsdans/folkedans på dansefesten. Festivalane kan vera ein viktig aktør inn i ein regional struktur saman med andre regionale aktørar; sjå kapittel om regionale strukturar. Men for at festivalane skal oppretthalde god aktivitet og halde høg kvalitet, og stå for både ivaretaking og fornying på feltet, treng dei tilstrekkeleg finansiering.

Slik det er i dag, får dei nest største og dei tredje største folkemusikkfestivalane i Noreg tydeleg mindre tilskot enn tilsvarande festivalar i andre sjangrar.

Folkelarm

Folkelarm er Nordens største bransjetreff og showcasefestival for nordiske folkemusikarar og folkedansarar. Folkelarm blir arrangert av FolkOrg på Riksscenen i Oslo kvart år i november. 20-25 norske, samiske og nordiske artistar har showcase, det er seminar og debattar, dansefest og arena for nettverksbygging. Delegatar fra inn- og utland blir inviterte til å sjå kva aktuelle nordiske folkemusikarar og folkedansarar har å tilby. I tillegg er arrangementet ope for publikum. På den måten arbeider FolkOrg for å skapa ein større arbeidsmarknad for artistane, bygga kompetanse både hos artistar og arrangørar, bygga nettverk og gjera sjangeren meir kjend. FolkOrg samarbeider tett med Music Norway om arrangementet.

Folkelarm har per i dag ein marginal økonomi, og det er utfordringar både med å ha pengar nok til å honorera artistane etter bransjestandard, jobbe profesjonelt og nok med marknadsføringa og med å få fleire delegatar til å koma. Vi meiner at Folkelarm er ein essensiell bransjeaktør for heile folkemusikk- og folkedansfeltet og

arbeidet med utviklinga av profesionaliseringa på feltet, og vi meiner at det trengst ein større og meir føreseieleg økonomi for dette bransjetreffet.

Heilårsarrangørar

For å kunne formidle kulturarven, gi gode opplevingar, jobbar til utøvarane, rekruttere til sjangeren og lære folkedansen og folkemusikken vidare til fleire, trengst mange og gode arrangement. Diverre er arrangørfeltet innanfor folkemusikk og folkedans svakt.

Det trengst både ei stimulering for å få fleire arrangørar, og det trengst ei profesionalisering. Det er blitt meir krevjande å vera liten arrangør i dag, og det gjer det utfordrande for utøvarane å laga gode og effektive turnear og med det skapa opplevingar i heile landet. Det trengst tilskot til dansefestar, ein arena som er særskilt viktig for vår sjanger. Der spelar musikarane til dans, der blir folkedansen formidla vidare frå ein generasjon til neste, der er den sosiale møteplassen. Dei regionale strukturane vi skriv om lengre nede, kan vera med på å styrka arrangørleddet, både med å bygge kompetanse og ved å legga effektive turnear som det er enkelt å ta imot for små arrangørar, utan stor økonomisk risiko. Arrangørfeltet treng dessutan tilskot som også dekker administrasjon og organisering. Også her er det for sårbart og lite effektivt å basera seg på eldsjeler på frivillig basis.

Riksscenen – Nasjonal scene for folkemusikk, folkedans og joik

Riksscenen i Oslo er ein viktig møteplass for folkemusikk- og folkedansinteresserte, og ein viktig arbeidsgivar for profesjonelle utøvarar innanfor folkemusikk og folkedans. Riksscenen har også høg status som konsertarena for utøvarane. Det er viktig at Riksscenen har ressursar nok til å stå for nye produksjonar innanfor folkedans og folkemusikk.

Riksscenen har gjennom 14 år som nasjonal scene for folkemusikk, joik og folkedans hatt mykje å seia som oppdragsgivar, formidlar og scene for feltet. Dei samarbeider med ei lang rekke fagmiljø og festivalar over heile landet, og vil vera ein viktig ressurs og støttespilar for eit nasjonalt nettverk av lokale arrangørar. I tillegg

kan regionale sentrum for folkemusikk og folkedans, regionale kappleikar og Landskappleiken, og dessutan dei større folkemusikkfestivalane, spela ei viktig rolle. Ein nasjonal infrastruktur bør forsterkast med utgangspunkt i eksisterande og engasjerte fagmiljø.

Turné- og arrangørnettverk

Ei mengd sterke folkemusikkutøvarar set no sitt preg på heile det profesjonelle musikklivet. Likevel er det, med unntak av nokre regionar, svært få veletablerte heilårsarrangørar som kan tilby jobb til musikarar og byggja publikum. Dermed er det vanskeleg å byggja opp ei næring i vårt eiga sjangerfelt. Nærast ingen agentar kan leva av å promotera folkemusikkarar og booka turnear, og få sokjer turnetilskot og arrangørtilskot.

Då både Rikskonsertanes og FolkOrg/Den norske folkemusikkscenas arbeid med å booka og formidla landsdekkjande, subsidierte turnear til eit stort arrangørnettverk vart nedlagt for 10-12 år sidan, vart det vanskelegare for mindre arrangørar å presentera dei beste folkemusikarane våre til publikummet sitt. Ikkje mange små, delvis frivillig drivne arrangørar har høve til å ta økonomisk risiko, kapasitet til å sökja midlar, booka og promotera ein konsert på eiga hand – og langt mindre koordinera seg med andre arrangørar i turnésamarbeid. Håpet om at ein bransje sjølv skulle veksa fram og ta over, har dessverre ikkje vist seg å slå til. Tvert om har det motsette skjedd: Grunnlaget for å byggja opp ei næring/bransje vart nok svekt då arrangørfeltet mista sentral koordinering og tilgjengelege økonomiske subsidiar.

Jazzfeltet har i større grad sett dette og lykka med å etablira subsidierte turnétilbod av høg kvalitet regionalt og nasjonalt. Turneane i Jazzforums arrangørnettverk sikrar eit godt konserttilbod på landsbasis, spelejobbar for profesjonelle utøvarar og inntekter for agentar. I folkemusikkfeltet har nokre få regionar bygd opp tilsvarande turnéverksemd, og det er på tide å sikra tilsvarande over heile landet. Vi meiner at dette er ei sentral brikke som kan styrkja heile økosystemet: Frå lokal rekruttering og publikumsbygging til ein levande bransje der ein kan leva av å formidla og spela folkemusikk.

Regionale kompetansesenter kan vera ein naturleg aktør for å formidla turnéprogram og

styrke lokale arrangørar. FolkOrg kan ha ei viktig rolle som nettverk for folkemusikkarrangørar, med «Den norske folkemusikkscena» som ei tidlegare erfaring å byggja på. Det kan også vurderast om Riksscenen som nasjonal scene kan få ei liknande rolle for turnéproduksjon som Dansens hus har for Dansenett Norge.

FORSLAG TIL TILTAK

- Festivaltilskotordning og arrangørtilskotsordninga i Norsk kulturfond må styrkast.
- Folkelarm som ein norsk og nordisk bransjetreff for folkemusikk og folkedans må styrkast.
- Opprette turnénettverk av heilårsarrangørar med regional/nasjonal koordinering, subsidiering og tilrettelegging.

Regionale strukturar – regionale folkemusikkcenter

I dag er organiseringa av folkemusikk- og folkedansfeltet ein del prega av mykje er ulikt og tilfeldig. Det er god og tydeleg organisering somme stader, og meir utsynleg og fråverande andre stader. I det folkemusikalske kartet er det på regionalt nivå det er flest manglar, sterkest behov og størst potensial. Dei lokale initiativa, dei profesjonelle turnerande tradisjonsutøvarane og fagmiljøa treng hjelp av ein tydeleg regional og lokal infrastruktur som kan samordne aktørane på feltet, hjelpe med å söke finansiering, skaffe instruktørar, setta i gang prosjekt og liknande.

Gode nettverk med sterke folkemusikkcenter, folkemusikkarkiv, festivalar, distriktsmusikarar og områdelag kan skape store synergieeffektar, og med det vera med og ta vare på og utvikla den immaterielle kulturarven. Det var store skilnader mellom dei ulike fylka før regionreforma, og no er det også store skilnader internt i fleire av dei nye fylka.

I Annbjørg Liens rapport UNESCO Setesdal – forprosjekt 2020 skriv ho om rolla som koordinator og organisator som eit slikt folkemusikkcenter bør ha, samt at det må vere ei rolle knytt til det utøvande. Herunder meinast det både roller som regi, produsent, pedagogisk materiell, profilering, profesjonalisering, osb. I rapporten gjer ho greie for at eit slikt regionalt «senter» kan sjåast på som ein hub for folkemusikken og folkedansen i den aktuelle regionen:

En hub kan forståes som en som konse-
trerer og fordeler informasjon gjennom ulike
nettverk. Man kan gjerne forstå en hub som et
knutepunkt som gjennom å fordele og være i
dialog med ulike samarbeidspartnere, miljø og
nettverk, likevel har ansvaret med å bevare
identiteten til det som blir delt. (...) I denne sam-
menheng er det sentralt å holde dialogene og
nettverkene varme, ha ansvar for en konstant
synliggjøring av artisten og kunstformen, og
promotere denne. Slik blir kunnskap og forstå-
else i de ulike deler av de ulike nettverk også
oppdatert. På denne måten kan en hub skape
flere oppdrag for utøverne, skape mer appetitt
og klarhet i resonerende og aktuelle miljø, være
med på å skape struktur og fremdrift, uten at det
blir for mange 'kokker' i prosessen. (...) Det er
også med på å profesjonalisere et system og et
nettverk for alle parter; de ulike aktørene i de uli-
ke nettverkene vet hvem de skal henvende seg
til og hva de kan velge mellom av ulike program.
(...) En slik hub blir da et limstoff og koordinator i
denne prosessen mellom utøvere, reiseliv, kom-
munene/regionrådet, næringslivet etc., noe som
gjør at det skapes engasjement til mer aktivitet
og bevissthet i å integrere den immaterielle kul-
turarven som en naturlig del i de ulike tilstelningene
i dalen, alt på grunn av tettere samarbeid
i hverdagen. En hub tar altså vare på BÅDE de
utøvende og arrangør. Skape appetitt, entusias-
me og gode samarbeid.

Per i dag er det to godt etablerte regionale
senter, det er Midtnorsk senter for folkemusikk
og folkedans og Folkemusikk Nord. Både driv
programmering, produksjon, turnekoordinering,
regional koordinering på det friviljuge feltet osv. Eksempelvis var Midtnorsk senter for
folkemusikk og folkedans med som rådgjevar og
samarbeidspartnar da Trøndelag folkemusikklag
arrangerte Trøndelagskappleiken 2023, noko
som eksemplifiserer ynskjeleg måte for eit regi-
onalt senter å arbeida på.

Sørnorsk folkemusikksenter ynskjer å utvikla
sitt arbeid, men med manglande finansiering,
t.d. ved at senteret ikkje har vorte teke inn på
statsbudsjettet slik som dei før nemnde sentera,
så har senteret her avgrensa handlingsrom og ar-
beidskapasitet. Førdefestivalen har som tidlega-
re knutepunktsfestival ei viss heilårssdrift og ein
god organisasjon som kan vere utgangspunkt

for ein rolle som regionalt kompetansesenter.
Musikk Innlandet kan også vere ein aktuell aktør.

Ei satsing på regionale senter vil styrke heile
det folkemusikalske økosystemet. Frivillig verk-
semrd blømer kring profesjonelle verksemder som
folkemusikksenter, folkemusikkarkiv og
festivalar, og desse treng energien fra det fri-
villige feltet. Vi er heilt avhengige av kvarandre
for å få videreført tradisjonane, rekruttert nye
utøvarar og publikum, og få folkemusikken og
folkedansen ut til alle dei som enno ikkje veit at
dei elskar det.

Vi ser ein trøng for ei fullførande oppbygg-
ing av ein landsdekkande struktur av regionale
folkemusiksenter. Som det står i stortingsmel-
dinga Kunstnarkår: "Regjeringa meiner dei uli-
ke sjangersentera og kompetansesentera innan-
for musikk bidreg til å styrke dei profesjonelle
musikkmiljøa utanfor dei store byane" (Kunst-
narkår, kap. 13.8, side 126). Dei skal vera gode
koordinerande ledd mot aktørar som lokale tra-
disjonsberarar, lokallag, profesjonelle aktørar,
barnehage, skule, kulturskule, DKS, kulturhus,
arrangørar, museum og anna kulturliv. Dei skal
hjelpe til med organisering og strukturering av
regionen etter mønster av dei eksisterande sen-
tera, vera ledestjerner og leiande fagmiljø for
regionane, men skal også vera produsent og tur-
nekoordinator for profesjonelle produksjonar
innan folkemusikk og dans.

Vi les i stortingsmeldinga Kunstnarkår at
dette med speleplassar og nye arrangørar er ei
prioritering. Vi meiner at slike regionale pro-
fesjonaliserande senter som her er nemnde vil
vera med på å gjera det enklare for lokale arran-
gørar - både når det gjeld hjelp med kompetanse
innan feltet, og med subsidierte turnear. Dette
ville igjen gi meir folkemusikk og folkedans ut til
folk, og gi arbeid for aktive musikkarar og dans-
arar.

Kvart senter må ha produksjonsmidlar for å
kunne stå for nye produksjonar og legge turnear
med frilans folkemusikkarar og folkedansarar.
Dei regionale sentera må ha godt kvalifiserte
produsentar, med kompetanse innanfor folke-
musikk og folkedans. Dei skal jobbe som nett-
verksbyggjarar mellom alle desse aktørane, og
dessutan mellom regionale musikkråd, museum
og kommunar med sine grunnskular og kultur-
skular.

I tillegg blir dei regionale kulturfonda eit viktig verkemiddel i finansiering av aktivitet på det regionale feltet knytt til friviljugheita og samarbeid mellom profesjonelle og friviljugheita. I tillegg er det viktig at regionane har kompetanse på folkemusikk og folkedans, slik at når regionale kulturfond kjem, så har fylkeskommunane tilgang til kompetente folk forrådgiving.

Det er viktig å spela på dei regionale aktørane som alt finst, og så styrka og supplera dei. Somme stader er det naturleg å knyta det regionale senteret til ein festival, andre stader kanskje til eit arkiv eller ein fylkeskommune.

Det må vera ein føresetnad at det er tett dialog og samarbeid mellom stat, fylkeskommune og regionale senter. Det bør vera eit nasjonalt mål at alle innbyggjarar i landet får tilgang til kunnskap om dei mange og rike folkemusikk- og folkedanstradisjonane i landet. Slik er det ikkje i dag. Feltet er prega av å vera for dei få og innvigde, og allmenn kunnskap om feltet er låg hos breie lag av folket. Kunnskapen om feltet bør løftast på alle nivå i samfunnet og styrkast gjennom heile undervisningsløpet, frå barnehage, grunnskule og kulturskule til lokale lag, vidaregåande skule og høgare utdanning.

FORSLAG TIL TILTAK

- Det må vera stabile og gode driftstilskotsordningar for dei regionale folkemusikksentera. Fleire regionale folkemusikksenter må etablerast fram til vi har ein landsdekkande struktur.
- Dei regionale folkemusikksentra må finansierast over statsbudsjettet, jamfør også slik norsk jazz er organisert og finansiert.
- Regionale kulturfond må oppretta.

Ekspport av norsk folkemusikk

Folkemusikken og folkedansen i Noreg har ikkje oppstått eller utvikla seg i eit nasjonalt vakuum. Musikken og dansen har til alle tider reist og utvikla seg i takt med nye inspirasjonar, og med det har vi fått våre variasjonar av han. Det er mange likskapar mellom folkemusikktradisjonane i verda.

Internasjonalt samarbeid og arbeid er viktig på alle nivå innanfor folkemusikk og folkedans. Lokale lag i Noreg dreg på besøk til andre land

for å synne fram og lære vidare sin tradisjon, og lære andre tradisjonar å kjenne. Studentar og forskarar innanfor folkemusikk og folkedans har sine internasjonale nettverk for utveksling av kunnskap.

Men det internasjonale er ikkje minst viktig for den profesjonelle delen av feltet. Det gjeld både det å bygge næring/marknad ute og det som går på kulturdiplomati: bruken av kulturutveksling og -møte for å skape større forståing over landegrenser og for å utvikle dei kunstnarlege uttrykka. Den internasjonale verksemda til Rikskonsertane var utruleg viktig her, og då den vart avvikla, vart aktiviteten diverre ikkje vidareført. Det ville vore ei stor styrke for både det norske folkemusikk- og folkedansmiljøet og for heile det norske musikkfeltet å få på plass ei ordning som kunne erstatta denne verksemda.

Den norske marknaden er liten, og utøvarane treng derfor også den internasjonale marknaden. Mangel på bakfolk, tid og ressursar til å bygga nettverk er ei utfordring. Ulikt prisnivå mellom Noreg og mange andre land er også merkbart for utøvarane. Bransjetreff som til dømes Folkelarm er viktige arenaer for å få vist fram dei kunstnarlege produkta, bygge nettverk nasjonalt og internasjonalt og styrke kompetansen gjennom seminar. Det er viktig at Folkelarm har musklar til å gjera den jobben.

Music Norway spelar ei veldig viktig rolle i arbeidet med eksport av norsk musikk, og det er viktig at Music Norway har ressursar, kompetanse og nettverk som er relevant for folkemusiksjangeren. Det trengst eit tett samarbeid mellom folkemusikkaktørane og Music Norway. Til dømes når det gjeld internasjonalt besøksprogram på Folkelarm og Noregs representasjon på Womex (World Music Expo). Music Norway har dei siste åra opplevd ei veldig stor auke av søknadar om tilskot til turne- og konserterverksemnd. Dette gjer at fleire av dei som får, får mindre summar, og fleire får avslag. Det er særskilt viktig at Music Norway sine tilskot for å gje reisetilskot til artistar må aukast.

Det bør også leggjast til rette for utveksling av kultur over landegrenser gjennom internasjonale fleirpartssamarbeid, prosjekt, utvekslingsprogram og residensar. Dei positive ringverknadene og langtidseffektane av kulturutveksling er mange, og vi er bekymra over dei seinare års nedprioritering av slike satsingar.

The missing link

Det er ein liten del av dei offentlege midlane til musikken og dansen som går til dei smale sjangrane. Vi ser at det er lite pengar til administrasjon og bakfolk som management og agentar. Vi ser at veldig mange fleire utøvarar og artistar frå dei andre europeiske landa har både management og agentar i større grad enn norske artistar. Våre står i større grad på eigne bein. Det blir aldri det same.

Det har vore gjort forsøk på stimulera til fleire bakfolk i folkemusikkjangeren, men det har førebels ikkje gitt særlege resultat. I ei undersøking FolkOrg har gjort i medlemsgruppa av yrkesutøvar seier berre 3% at dei bruker management eller agentar. Grunngjevinga for å ikkje bruke det er i all hovudsak økonomi. Med dei honorara som dagens folkemusikkarrangørar kan gje, vil det ikkje vere mogleg for artistane å ha bakfolk. Men ein kan også da sjå dei store utfordringane artistane har med å skaffe jobbar både innlands og ikkje minst utanlands.

Det er heller ingen tvil om at potensialet for eksport er uutnytta. Norsk folkemusikk har artistar i verdsklasse som kunne vorte borne ut på gullstol til internasjonale marknader. Kultur er ein stor ambassadør, og tradisjonsmusikken er for mange land den fremste. Vi kjenner alle lyden av Irland, Brasil og Spania, og på liknande vis burde norsk folkemusikk vore langt framme i våre eigne internasjonale satsingar.

FORSLAG TIL TILTAK

Viktige punkt for å styrke arrangørfeltet og eksporten av norske folkemusikkarar og folkedansarar:

- Tilskotsordningane i Music Norway er naudsynte for å koma seg ut i ein internasjonal marknad. Desse må styrkast.
- Det trengst prosjektmidlar til å gjera større satsingar mot enkeltnarknadar, og for å førebu grunnen for norske artistar som ønskjer å bygge ein karriere utanlands. Det må leggjast til rette for kompetansehevande tiltak for artistar som ønskjer seg ut.
- Tilskotsordningar for bakfolk som arbeider med dei smale sjangrane må oppretta.
- Det må vera tilstrekkeleg med ressursar og fagtilsette i Utanriksdepartementet med tilhøyrande utanriksstasjonar til å arbeida med kultureksport.
- UD må tilrettelegge og initiere prosjekt knytt til eksport på folkemusikkfeltet og enkeltprosjekt for å fremma norsk folke-musikk internasjonalt.

6. Digitalisering, arkiv og formidling

Folkemusikkarkiva i Noreg forvaltar ein stor og viktig del av kulturarven til landet, med omfattande samlingar av lyd- og filmopptak, notar, manuskript og anna arkivmateriale. For å oppretthalde det store tradisjonsmangfaldet vi har i folkemusikken i dag, er arkiva viktige innhaldsleverandørar og formidlarar. Her er fagpersonar som er kjende med lokale tradisjonar. Det ligg eit stort ansvar i å tolke og vidareformidle opptaka til brukarar på ein fagleg riktig og pedagogisk god måte – både frå fortida og notida, og til nye generasjonar.

Materialet i arkiva skil seg frå andre sjangrar ved at det ikkje er klart for publisering. For å kunne forvalte og formidle dette unike materialet krevst gode arbeidsverktøy, ressursar og fagkompetanse. Fagpersonar med spisskompetanse er avgjerande for å ivareta, formidle og vurdere tilgjengeleggjering av det tradisjonelle materialet, då avtalar rundt opptakssituasjonar sjeldan hadde publisering som mål. Økonomiske ressursar er nødvendig for at fagtilsette skal kunne bruke kunnskapen sin i det daglege arbeidet. Gode tilsette med fagkunnskap kan ikkje erstattast av digitalt tilgjenge. Tilsette er nødvendige for å ta vare på og formidla kulturarven, og fleire tilsette krev større tilskot til arkiva.

Det er også slik at i fleire landsdelar er det kvite flekkar. Det manglar universitets-, forskings- og arkivkompetanse nord for Levanger. Folkemusikksamlinga ved Universitetet i Tromsø har for tida ingen fagressursar, og Finnmarks varierte og rike tradisjon har svært lite arkivaktivitet.

Staten må ta ansvar for å forbetra og sikra infrastrukturen til folkemusikkarkiva. Folkemusikkarkiva har i ein lengre periode ropt for døve øyre. Per i dag nyttar dei fleste av folkemusikkarkiva eit katalogsystem (FIOL) som er i ferd med å bli fasa ut, og trongen for eit nytt, stabilt og langsiktig katalogsystem for å forvalta og formidla den unike kulturarven dei sit på, er prekær. Viss ikkje statlege styresmakter snarleg tek på seg ansvaret for å finna gode løysingar, står vi i verste fall i fare for at delar av materialet som forfedrane våre forvalta og vidareformidla vil gå tapt. Vi meiner at Nasjonalbiblioteket vil vera ein naturleg fasilitator for å utvikla og halda

ved like eit slikt fagsystem – noko dei har sagt seg villig til, men det må då tilførast nye pengar.

Vi har unike arkivopptak av folkemusikk og folkedans rundt om på dei ulike folkemusikkarkiva og i NRK. Munnleg tradering er kjernen i vidareføring av folkemusikk og folkedans, og arkiva er heilt avgjerande supplement til den direkte kontakten. Folkemusikkarkiva blir mykje nytta både av studentar, forskarar, utøvarar, lærarar på kulturskolar og høgare utdanningsinstitusjonar samt av spelemannslag og kappleiksdomarar. Dette er vår felles kulturarv, og han må forvaltast med respekt.

Folkemusikkarkiva er ulikt organiserte og finansierte. Det bør undersøkjast om feltet vil vera tent med ei meir einskapleg og føreseieleg organisering og finansiering. Ei satsing på regionale folkemusikk- og folkedanssenter – jf. avsnittet lenger oppe om regionale strukturar – vil sikra stabile strukturar med dyktige fagpersonar som også kan sikra arkivtilsette til å digitalisera eldre opptak, filmar og manuskript, og personell med fagkompetanse til å forstå og tolka materialet. Det vil vera eit aukande behov for fleire tilsette for å forvalta og formidla dette materialet.

Det er viktig å dokumentere både den historiske og den moderne utviklinga av folkemusikk. Overgangen frå amatørmusikk til profesjonell scene og integreringa av tradisjonsmusikk i teaterproduksjonar er sentrale område for vidare dokumentasjon. Innsamlinga må fortsette for å sikre eit variert materiale som er nyttig for både utøvarar og forskarar.

Det er også behov for å inkludere musikk utøvd av innvandrarar som møter norske kontekstar. Det krevst imidlertid nye ressursar og ei nasjonal vurdering for å realisere dette.

FORSLAG TIL TILTAK

- Eit nasjonalt fagsystem for arkivering må på plass, og dette må initierast av staten.
- Eit felles digitalt publiseringssystem for folkemusikkarkiva må på plass, slik at innhaldet blir lett tilgjengeleg for potensielle brukarar.
- Legge til rette for og sikre at det er folkemusikkarkiv i alle regionar. Dette bør sjåast i samanheng med et foreslått tiltak om å sikre infrastruktur i regionale kompetansesenter.
- Det er naudsynt å styrka samtidsdokumentasjonen av folkemusikk og folkedans.
- Undersøkje moglegheita for ei meir einheitleg og førescieleg organisering og finansiering av folkemusikkarkiva, slik at fleire fagpersonar kan dekkje behova for innsamling, forsking og arkivarbeid.

7. Referansar, utgjevingar og lenker

Dei ulike organisasjonane sit med ulik informasjon og statistikk. Noko er meir og mindre relevant for NOU-arbeidet. Det er viktig at utvalet og sekretariatet tek kontakt med dei ulike organisasjonane dersom det er noko talmateriale som trengs frå NOU-en si side. Vi ynskjer alle å vere til så stor hjelp som mogleg.

Alle fire organisasjonane sendte i 2020 eigne innspel til den da planlagde Strategi for folkemusikk og folkedans, og desse innspela er også framleis gjeldande. Desse har sekretariatet for utvalet allereie fått tilsendt.

Aktuelle rapportar og utgjevingar

Under er det lenker til aktuelle rapportar og utgjevingar som kan vere relevante for NOU-arbeidet.

I ein rapport frå samfunnsøkonomisk analyse ser ein på verdien kultur og musikalske opplevingar i ein kommune. Analysa tek utgangspunkt i Voss herad, og ein har stilt følgande spørsmål: Kva effektar har musikklivet i ein kommune når det gjeld attraktivitet, oppbygging og utvikling av både staden og dei som bur der? Kan ein laga ein modell for å måla samanhengar og effektar? Er det rett og slett ei god investering for det offentlege å bruka ressursar på kulturlivet?

Som konklusjon skriv dei at rapporten viser betydninga av musikklivet for utvikling av lokal samfunn, og for at folk skal ønske å leva, bu utvikla stader og samfunn utanfor storbyane. Befolkningsutviklinga i Voss Herad har vakse meir enn kommunar av same storleik og sentralitet. Voss har også vakse meir enn andre reiselivskommunar og kulturkommunar. Dette kan, ifølgje rapporten, ikkje blir forklart med anna enn at Voss er ein meir attraktiv stad å bu som følgje av det utbreidde fritids- og kulturlivet i kommunen.

Røtnes, Rolf, Oda Heggedal Longvastøl, Vegard Salte Flatval. 2024. Verdien av kulturlivet for Voss. Rapport 09-2024. <https://www.musikk.no/nmr/nyheter/ny-rapport-verdien-av-kulturlivet-for-voss>

I Annbjørg Liens rapport UNESCO Setesdal – Forprosjekt 2020 gjer ho mellom anna greie

for behovet for eit regionalt kompetansesenter, et Impresario – ein hub/node for nettverk og samarbeids-partnarar for å sikre fortsett levande kulturarv i Setesdal. Det blir konkludert med at det er eit stort behov for ein person som administrerer, organiserer og koordinerer vidare arbeid i dialog med ulike nettverk.

Lien, Annbjørg. 2020. UNESCO Setesdal – Forprosjekt Vår 2020. Agder fylkeskommune.

Også i ein rapport frå Hardingfela.no peikast det på ei betre samordning og auka samhandling for heile folkemusikk og folkedansfeltet i fylket som vegen å gå for å sikra vern og vidareføring av tradisjonsdansen. Hardingfela.no, der dansesatsinga er ein stor del av denne, er i dag på statsbudsjettet – som eit regionalt kompetansesenter for folkemusikken- og dansen i delfylket Hordaland, utvida til storfylket Vestland.

Rosvold, Magni. 2016. Folkedans i Hordaland. Behov og moglegeheiter. Hardingfela.no. <https://hardingfela.no/wp-content/uploads/sites/11/2019/01/Folkedans-i-Hordaland-.pdf>

UNESCO

I fleire høve vert det referert til UNESCO-konvensjonen og Noreg si ratifisering av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av Immaterielle kulturarv. Det er difor naturlig å legge ved desse lenkene:

UNESCO si side om immateriell kulturarv: <https://ich.unesco.org/en/>

Noreg si ratifisering:

St.prp. nr. 73. 2005-2006. <https://unesco.no/wp-content/uploads/2012/12/UNESCOs-konvensjon-av-2003-om-vern-av-den-immaterielle-kulturarven.pdf>

Strøm, Beate. 2010. Immateriell kulturarv i Norge. Ei utgjeiring av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Kulturrådet <https://www.kulturradet.no/documents/10157/a12b2499-0e89-4548-96f5-a63bacf843eb>

Andre rapportar og lenker

Om folkedans

Arnestad, Georg. 2001. Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert opplyst og omskapt. Kulturrådet. <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/publikasjon-men-vi-skal-koma-i-hug-arnestad>

Bjerkem, Johan-Einar. 2013. Dansearven. Utgreiing om folkedans i Noreg på 2000-talet. Rådet for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og Norges ungdomslag. <https://static1.squarespace.com/static/5ab37701aa49a1d3646b7f02/t/5ad5a69b-562fa780703a2840/1523951267444/DansearvenWEB.pdf>

Hjemdal, Anne-Sofie. 2021. Pardans og halling. Evaluering av Bygda dansar. Telemarksforskning: TF-rapport nr. 662. <https://static1.squarespace.com/static/6092601c960fa93c41f048e8/t/60e43726b6b4ab-1d25a2bd7d/1625569065586/evaluering+telemarksforsking+bygda+dansar.pdf>

Kulturdepartementet. 2013. Dans i hele landet – Status, utfordringer og strategier for videre utvikling av profesjonell dans i Norge. www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/kunstavdelingen/rapporter_utredninger/strategi_dans-i-hele-landet-2013.pdf

Mæland, Siri, Celina Gallo, Sigurd J. Heide, Sjur Viken, Ranveig Aas. 2021. Del 1– bygda dansar, ein del av eit større opplæringsfelt (2001–2021) – kunnskap om og i folkedans, i 20 år med Bygda dansar. Talentutviklingsprosjekt for ungdom i vidaregåande skulealder.

Om folkemusikkarkiva

Aksdal, Bjørn, Kari Lønnestad, Hans-Hinrich Thedens. 2013. Situasjonen for de norske folkemusikkarkivene. Rådet for folkemusikk og folkedans. <https://static1.squarespace.com/static/6092601c960fa93c41f048e8/t/64491b4-f4103b051633b9086/1682512722757/Situasjonen+for+-de+norske+folkemusikkarkivene.pdf>

Viken, Sjur. 2014. Fremtidens folkemusikkarkiv – Digitale utfordringer. Rådet for folkemusikk og folkedans. <https://static1.squarespace.com/static/6092601c960fa93c41f048e8/t/60e2d0bcf824663735583a5e/1625477319922/FremtidensFolkemusikkarkiv-DigitaleUtfordringer.pdf>

Om folkemusikk og folkedans i kulturskolen

Aksdal, Bjørn. 2008. Folkemusikk og folkedans i kulturskolen. En undersøkelse av dagens situasjon. Rådet for folkemusikk og folkedans. https://static1.squarespace.com/static/6092601c960fa93c41f048e8/t/64eeffd-b54149212c904dec5/1693384668340/Aksdal+2008+Folkemusikk+og+folkedans+i+kulturskolen_Unders%C3%B8kelse+av+dagens+situasjon.pdf

Viken, Andreas. 2024. Folkemusikk og folkedans i kulturskolen. Tall fra situasjonen i 2023, sammenlignet med tall fra 2008. https://static1.squarespace.com/static/6092601c960fa93048e8/t/664318648429ea6d90317/bb1/1715673190310/Folkemusikk+og+folkedans+i+kulturskolen+2023_Web.pdf

Stortingsmeldingar

Meld. St. 8. 2018–2019. Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida. Regjeringen.no <https://www.regjeringen.no/contentassets/9778c28ab1014b789bbb3de0e25e0d85/nn-no/pdfs/stm201820190008000dddpdfs.pdf>

Meld. St. 18. 2020–2021. Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge. Det kongelige kulturdepartementet. Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/>

Meld. St. 23. 2020–2021. Musea i samfunnet — Tillit, ting og tid. Det kongelige kulturdepartementet. Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-23-20202021/id2840027/>

Meld. St. 22. 2022–2023. Kunstnarkår. Det kongelige kulturdepartementet. Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-22-20222023/id2983542/>

Andre lenker

Dæhlie, Bjarne. 2024. Spillmidler til kultur: Et tydelig skille mellom statsbudsjett og spillemidler. Norsk musikkråd. <https://www.musikk.no/nmr/nyheter/spillemidler-til-kultur-det-det-hull-i-pengesekken-til-norsk-tipping>

Vårdal, Mette. 2024. Tilstandsrapport 2024. Kulturalliansen. <https://static1.squarespace.com/static/5615038de4b0a283deee9de2/t/66ced862d-797fc031b197206/1724831852346/TILSTANDSRAPPORT+2024-6.pdf>

